# Ungfiskundersøkingar i Suldalslågen i oktober 2009 og januar/mars 2010



R A P P O R T

Rådgivende Biologer AS 1312

# Rådgivende Biologer AS

RAPPORTENS TITTEL:

Ungfiskundersøkingar i Suldalslågen i oktober 2009 og januar/mars 2010

FORFATTARAR:

Harald Sægrov og Kurt Urdal

OPPDRAGSGJEVAR:

Statkraft Energi AS

| OPPDRAGET GITT: | ARBEIDET UTFØRT: | RAPPORT DATO: |
|---|---|---|
| September 2009 | Okt. 2009 - mai 2010 | 10. mai 2010 |

| RAPPORT NR: | ANTAL SIDER: | ISBN NR: |
|---|---|---|
| 1312 | 60 | ISBN 978-82-7658-555-5 |

EMNEORD:

- Laks
- Sjøaure
- Elektrofiske metodikk
- Ungfisktettleik
- Presmoltestimat
- Overleving i sjø

RÅDGIVENDE BIOLOGER AS
Bredsgården, Bryggen, N-5003 Bergen
Foretaksnummer 843667082-MVA
Internett : www.radgivende-biologer.no E-post: post@radgivende-biologer.no
Telefon: 55 31 02 78 Telefax: 55 31 62 75

Framsidebilete: Suldalslågen januar 2010

# FØREORD

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå Statkraft Energi AS gjennomført ungfiskundersøkingar i Suldalslågen i oktober 2009 og januar/mars 2010 som ein del av overvakingsprogrammet for fiskebestandane i elva. Tettleiken av ungfisk i Suldalslågen har vore undersøkt ved elektrofiske om hausten ved relativt høg vassføring og relativt høg temperatur, og vinter/vår ved låg vassføring og låg temperatur årleg i perioden 1978 til 2009. Det innsamla materialet inkluderer alle årsklassane fødde i åra frå 1975 til 2009. Denne overvakinga har vore gjennomført som ein del av kartlegginga av status for laks- og sjøaurebestanden i Suldalslågen i samband med omfattande utbyggingar i vassdraget og testing av effektar av ulike prøvereglement for vassføring i elva.

Vassføringa kan vere avgjerande for kvaliteten på resultata ein får ved elektrofiske. I perioden 2004 – 2009 vart det gjennomført elektrofiske ved relativt høg vassføring om hausten (60 – 70 m³/s) og på det same stasjonsnettet, og eit nytt stasjonsnett med 10 stasjonar ved låg vassføring (12 – 15 m³/s) i januar/februar. Serien med parallelle undersøkingar haust og vinter vart vidareført hausten 2009 og vinteren 2010 for å halde kontinuiteten i seriane og for å skaffe meir informasjon om korleis vassføring, vasstemperatur og tid på året påverkar resultata. I januar 2010 var 4 av stasjonane på strekninga nedanfor Juvet dekte av is, og desse vart difor elektrofiska i slutten av mars då isen var borte.

Feltarbeidet vart utført av Kurt Urdal og Steinar Kålås.

Rådgivende Biologer AS takkar Statkraft Energi AS for oppdraget.

Bergen, 10. mai 2010.

# INNHALD

**FØREORD** .......... 2

**INNHALD** .......... 2

**SAMANDRAG** .......... 3

**1 INNLEIING** .......... 5

**2 METODAR OG STASJONSSKILDRING** .......... 8

**3 RESULTAT** .......... 15

**4 FANGST AV LAKS OG SJØAURE** .......... 30

**5 DISKUSJON** .......... 32

**6 AKTUELLE REFERANSAR** .......... 41

**7 VEDLEGGSTABELLAR** .......... 43

# SAMANDRAG

*Sægrov, H. & K. Urdal 2010. Ungfiskundersøkingar i Suldalslågen i oktober 2009 og januar/mars 2010. Rådgivende Biologer AS, rapport 1312, 60 sider.*


Suldalslågen er eit sterkt regulert vassdrag og etter kraftutbygging har det vore gjennomført ulike prøvereglement for vassføringar i den lakseførande delen av vassdraget. Det har samtidig vore omfattande undersøkingsprogram for å kartlegge effektane på lakse- og sjøaurebestanden. I det siste prøvereglementet var det først ein periode frå 1998-2001 med betydeleg redusert vassføring i juni og juli ved drift av Hylen kraftstasjon om sommaren samanlikna med perioden frå 1990-1997 då Hylen ikkje var i drift om sommaren. I neste periode frå 2001 til 2003 vart vassføringa ytterlegare redusert i mai og juni samanlikna med føregåande 3-års periode, men med ein spyleflaum om hausten. I dei 9 månadene frå august til mai har vassføringa vore om lag den same i alle prøveperiodane frå 1990 til 2003. Etter 2003 har vassføringsmønsteret vore det same som i perioden 2001-2003. Sidan januar 2004 har Rådgivende Biologer AS gjennomført årlege undersøkingar for å kartlegge rekruttering og produksjon av ungfisk i Suldalslågen. Desse undersøkingane er ei vidareføring av ein lang serie med ungfiskundersøkingar i elva, og i tillegg er det gjort ekstra undersøkingar for å kartlegge kva effekt vassføring, tid på året og val av elektrofiskestasjonar har å seie for tettleik og fordeling av ulike kategoriar av ungfisk.

I oktober 2009 vart det gjennomført ungfiskundersøkingar i Suldalslågen på 12 av dei 16 stasjonane som har vore undersøkt årleg i perioden 1978 - 2003 ved relativt høg vassføring og høg temperatur. Undersøkingane vart gjentekne i januar/mars 2010 på dei same stadane ved låg vassføring og låg temperatur. I januar/mars vart det også gjort undersøkingar på 10 stasjonar som vare elektrofiska årleg i januar sidan 2004 ("nytt" stasjonsnett).

På det "nye" stasjonsnettet var det i januar/mars 2010 ein gjennomsnittleg total tettleik på 37 lakseungar pr. 100 m², tettleiken av 0+ laks var 12/100 m². Det var lågare tettleik av 0+ og 1+ laks, men høgare av 2+ laks enn gjennomsnittleg for perioden 2004 - 2010. I oktober 2009 var tettleiken av 0+, 1+ og 2+ laks om lag som gjennomsnittet for perioden 2003 - 2009, men høgare enn i perioden før 2003. Av aure var tettleiken 13 pr. 100 m² i januar/mars 2010, og for alle aldersgrupper var tettleiken om lag som gjennomsnittet for perioden 2004-2010. Det same var tilfelle på det "gamle" stasjonsnettet i oktober 2009.

Sidan midt på 1980-talet har det vore ein signifikant auke i lengda på årsyngel og tilvekst som 1+ for både laks og aure. Auken er mest markert fom. 2001, dvs. i den siste perioden av prøvereglementet med redusert vassføring tidleg på sommaren. Årsaka til den gode veksten er at det har vore høgare temperatur i første halvdel av sommaren og tidlegare "swim-up", spesielt for laks, dei fleste av åra fom. 2001, med unntak av 2005.

Ved undersøkingane i september/oktober har det vanlegvis vore høgare tettleik av aure enn av laks, men i 2007, 2008 og 2009 var det høgast tettleik av laks. Resultata viser samla sett at elektrofiske ved høg vassføring og høg temperatur i september gjer at tettleiken av aure kan bli sterkt overestimert i høve til det ein kan anta er den reelle tettleiken av fisk fordelt på heile elvearealet. Tettleiken av eldre lakseungar blir på den andre sida sterkt underestimert ved elektrofiske ved høg vassføring om hausten.

Når ein korrigerer for at vassdekt areal er om lag 1,4 gonger større i september enn i januar, var tettleiken av årsyngel laks om lag den same ved elektrofiske på "gammalt" stasjonsnett i september/oktober og "nytt" stasjonsnett i januar for dei fire årsklassane frå 2003 til 2006, men

årsklassane frå 2007, 2008 og 2009 var tydeleg mindre talrike i januar/februar/mars 2008, 2009 og 2010 enn i oktober året før. Tettleiken av 1+ laks var i gjennomsnitt 2 gonger høgare om vinteren enn korrigert tettleik om hausten. Tilsvarande var det i gjennomsnitt nær 3,5 gonger høgare tettleik av 2+ om vinteren enn om hausten. Resultata viser aukande skilnad med aukande alder og storleik på fisken frå haustundersøkingane ved høg vassføring til vinterundersøkingane ved låg vassføring.

Samanhalde med tal for smoltutvandring og fangst av vaksen laks i elva, og med høvet mellom laks og aure fanga i smoltfella, er det tala frå det ”nye” stasjonsnettet ved januarundersøkingane som viser dei mest realistiske tettleikane av ungfisk eldre enn årsyngel. Det er dårleg eller ikkje samanheng mellom korrigert tettleik av ungfisk på det ”gamle” stasjonsnettet i september samanlikna med på det ”gamle” stasjonsnettet i januar. Skilnaden i vassføring gjev altså store utslag på tettleik og artsfordeling.

Presmolten av laks som vart fanga i Suldalslågen i januar/februar i perioden 2004 - 2009 hadde om lag same aldersfordeling og storleik som laksesmolten som vart fanga i smoltfella etterfølgjande vår (Gravem og Gregersen 2010). Auresmolten som vart fanga i smoltfella var systematisk eldre og større enn det presmoltmaterialet indikerte alle fem åra. Dette viser at det er sett for låge lengdegrenser for presmolt aure i Suldalslågen.

Basert på tettleik av presmolt på det ”nye” stasjonsnettet i januar/mars 2010 er det berekna ei utvandring på 72 000 laksesmolt og 38 000 auresmolt, totalt 110 000 smolt våren 2010 For aure er det meir sannsynleg med utvandring på ca 20 000, og dermed ei total utvandring på om lag 90 000 smolt. For laks er anslaget det nest høgaste i perioden 2004-2010. Anslaga for utvandring svarar til ein produksjon på 6,5 laksesmolt og 1,8 auresmolt pr. 100 m², totalt 8,3/100 m² fordelt på 1,1 mill. m² elvebotn. Dette er nær berenivået på 9 presmolt/100 m² som er berekna frå presmoltmodellen (Sægrov og Hellen 2004). Dersom ein tek utgangspunkt i arealet på 1,4 mill. m² ved full elv er berenivået berekna til 7 presmolt pr. 100 m², og ein total produksjon i 2009 på 6,5 presmolt/100 m².

Det var ein signifikant samanheng mellom berekna utvandring av laksesmolt basert på elektrofiske om vinteren på dei 10 elektrofiskestasjonane på det ”nye” stasjonsnettet og fangsten av laksesmolt i smoltfella den etterfølgjande våren i åra 2004 - 2009 ($r^2 = 0{,}72$, $p = 0{,}003$, $n = 6$). Det var relativt låg vassføring i smoltutvandringsperioden og om lag lik vassføring alle åra. Ein kan difor rekne med at fangbarheita i smoltfella var om lag den same alle åra. Med utgangspunkt i samanhengen ovanfor er det forventa ein fangst på 1180 laksesmolt i smoltfella i Suldalslågen våren 2010.

# 1 INNLEIING

Rådgivende Biologer As gjennomførte ungfiskundersøkingar ved elektrofiske i Suldalslågen i oktober 2009 og i januar/mars 2010 som ein del av overvakingsprogrammet for fiskebestandane i elva. Målsettinga med ungfiskundersøkingane er å berekne tettleik og vekst av ungfisk i elva. Det er vidare målsettinga å undersøke elektrofiske som metode ved å samanlikne resultat frå elektrofiske ved relativt høg vassføring og relativt høg temperatur om hausten (september/oktober) med resultat frå elektrofiske i januar/februar ved låg vintervassføring og relativt låg temperatur. Det blir også undersøkt kva effekt stasjonsnettet har på resultata ved å samanlikne resultat frå elektrofiske på "gammalt" og "nytt" stasjonsnett ved låg vassføring i januar. Vidare blir aldersfordeling, gjennomsnittleg smoltalder og smoltlengde i presmoltmaterialet fanga ved elektrofiske på dei "nye" stasjonane i januar blir samanlikna med tilsvarande for utvandrande smolt som blir fanga i smoltfelle om våren (Gravem og Gregersen 2010).

Det er blitt gjennomført fleire kraftutbyggingar i Suldalslågen. Den første reguleringa skjedde i perioden 1965 - 1967 (Røldal - Suldal) med mindre tilleggsreguleringar fram mot 1977. Den store Ulla –Førre utbygginga vart gjennomført i perioden 1979 - 1986. Etter Ulla-Førre-utbygginga var det prøvereglement for manøvrering av vassføringa i Suldalslågen i perioden 1990-1997. Prøvereglementet vart deretter forlenga i 6 år med to treårsperiodar, den første for 1998-2000 og den siste for 2001-2003 (Magnell mfl. 2004). I 1989 vart det store Blåsjømagasinet fylt for første gong, og tapping frå det høgtliggjande magasinet kan potensielt ha stor innverknad på vasstemperatur og vasskvalitet i Suldalslågen (Kaasa mfl. 1998). Utanom endringane i fysiske tilhøve knytt til reguleringane, har det skjedd andre endringar som kan ha betydning for laksebestanden i elva.

I uregulert tilstand var gjennomsnittleg årleg vassføring 91 m³/s ut av Suldalsvatnet, men etter siste regulering vart vassføringa redusert til 50 m³/s fram til 1997. Dei store flaumane i vassdraget med vassføringar på over 500 m³/s før regulering har forma elveløpet, vinterstid kunne vassføringa i periodar kome ned mot 3-5 m³/s. Etter 1988 har minste vassføring om vinteren vore 12 m³/s ut av Suldalsvatnet, men tilsig frå sidefelt kan i nedbørsperiodar gje langt høgare vassføring ved utløpet i sjøen. I dei tre periodane med ulike prøvereglement; 1990-1997, 1998-2000 og 2001-2003 har vassføringa kvar gong blitt redusert i perioden mai-juli, men i dei 9 resterande månadene har vassføringa vore mykje den same i alle tre periodane. Det har vore sleppt smoltflaumar om våren som har variert i mengde, og sidan 2001 også spyleflaumar om hausten. Etter 2003 har vassføringa vore som i perioden 2001 - 2003 med redusert vassføring tidleg på sommaren og relativt små smoltflaumar (Gravem og Gregersen 2009).

Utviklinga i laks- og sjøaurebestanden i Suldalslågen har vore kartlagt m.a. ved ungfiskundersøkingar i Suldalslågen årleg sidan 1978. Ungfiskundersøkingar i elvar har inntil dei siste åra vanlegvis vorte gjennomført seinsommars eller tidleg på hausten ved relativt høg temperatur, og vassføringa kan ha variert til dels mykje frå år til år. I nokre elvar blir det også gjort undersøkingar tidleg på våren ved låg temperatur og låg vassføring. I Suldalslågen har det blitt gjort ungfiskundersøkingar både tidleg på hausten og om våren i perioden 1978 - 2004. I denne elva har vassføringa ved undersøkingane vore om lag den same frå år til år, men langt høgare om hausten enn om våren (Saltveit 2004a).

Det er godt dokumentert at vassføringa ved elektrofiske har stor innverknad på estimata for tettleik av ungfisk. Dess høgare vassføring ved elektrofisket di meir usikre blir estimata, spesielt for eldre ungfisk, men også for høvet mellom laks og aure (Jensen mfl. 2004). I januar 2004 vart det gjennomført elektrofiske på 10 stasjonar i Suldalslågen, og gjennomsnittleg tettleik av presmolt laks indikerte at det ville gå ut meir laksesmolt våren i 2004 enn tidlegare år (Urdal og Sægrov 2004). I smoltfella vart det også fanga fleire laksesmolt i 2004 enn nokon gong før (Saltveit 2004b). Dette var i

samsvar med forventingane frå ungfiskundersøkingar i januar 2004, men ikkje i samsvar med resultata frå elektrofisket i september 2003. Desse resultata indikerer at ungfiskundersøkingar ved låg vassføring seinhaustes eller om vinteren gjev meir representativ informasjon om tettleik av presmolt og høvet mellom laks og aure enn undersøkingar ved høg vassføring.

Rådgivende Biologer AS har sidan 1995 gjennomført ungfiskundersøkingar i mange elvar seint på hausten og om vinteren ved låg vassføring og relativt låg temperatur. Det har vore ei målsetting å få minst mogeleg variasjon i dei fysiske tilhøva ved elektrofiske innan elvar mellom år, og mellom elvar for å få eit best mogeleg grunnlag for å kunne samanlikne resultata frå år til år innan elvar og mellom elvar. Ved dei fleste tilfelle har det blitt fiska ved ei vassføring som utgjer om lag 30 % av middel årsvassføring, men den har også vore lågare enn dette i større elvar. Det er størst sjanse for å få låg vassføring i alle typar elvar seinhaustes og tidleg på vinteren. På denne tida av året er fisken lite aktiv på dagtid, og vi antek at færre fisk blir skremde bort frå området der det skal elektrofiskast samanlikna med når det er varmare i vatnet og fisken er aktiv på dagtid. Ein slik eventuell skilnad i åtferd er ikkje nærmare undersøkt, men er vårt inntrykk frå mange undersøkingar, som også inkluderer elektrofiske om sommaren ved høg temperatur. Når det er kaldt i vatnet kan fangbarheita for små fisk, helst årsyngel, vere lågare enn når det er høgare temperatur, fordi dei minste fiskane kan stå gøymde nede i botnsubstratet når temperaturen nærmar seg 0 °C. Fangbarheita for større ungfisk er høg også når det er kaldt i vatnet.

På basis av resultat frå ungfiskundersøkingar i 14 uregulerte elvar på Vestlandet er det funne ein negativ samanheng mellom tettleik av presmolt og årleg vassføring, og også mellom presmolt og vassføring i mai-juli. Det er altså høgare tettleik av presmolt pr. areal i små elvar enn i store (Sægrov mfl. 2001, Sægrov og Hellen 2004). Med utgangspunkt i samanhengen mellom presmolt og vassføring kan ein lage ei forventing til tettleik av presmolt i elv med ei gjeven års- eller mai-juli vassføring. Samanhengen gjev ein relativt god indikasjon på smoltutvandringa (antal/100 m²) i Imsa og Orkla (Sægrov og Hellen 2004). I Flåm og Aurland er det godt samsvar mellom berekna smoltproduksjon basert på presmolttettleik ved elektrofiske om hausten og smoltutvandring basert på merking og gjenfangst i smoltfelle etterfølgjande vår (Sægrov mfl. 2007). Metodikken for å berekne smoltutvandringa i Aurland og Flåm var den same som har vore brukt i Orkla. Elektrofiske gjennomført ved låg vassføring i perioden frå midt i oktober og utover vinteren ser altså ut til å kunne gje relativt gode estimat for smoltmengde, og variasjon i smoltproduksjon mellom år. For å bruke denne metoden er det ein føresetnad at ein fiskar ved låg vassføring og låg temperatur, og i den perioden av året då det har vore fiska i dei elvane som inngår i den omtalte samanhengen mellom presmolt og vassføring. Det må understrekast at "presmoltmodellen" er basert på relativt få stasjonar i dei enkelte elvane, og berre på område der metoden er veleigna. På område med stri straum, på djupe parti, inkludert hølar, og på område med finkorna substrat er metoden ikkje eigna. Representativiteten ved elektrofiske vil difor vere avhengig av den arealmessige fordelinga av fiskebare og ikkje fiskbare område i elva. I små elvar vil stasjonane der det blir elektrofiska normalt vere meir representative for heile elvearealet enn i middels store og store elvar. Det er likevel slik at dei stasjonane som blir elektrofiska er relativt like i alle elvar med omsyn til djup, straumhastigheit og substrat og skilnader i gjennomsnittleg fisketettleik mellom elvar er sannsynlegvis reell på dei områda som kan fiskast.

Elektrofiske på eit "nytt" stasjonsnett ved låg vassføring (16 - 20 m³/s nedst i Suldalslågen) i januar i perioden 2004 - 2009 synest å gje meir representativ informasjon om artsfordeling og tettleik av eldre ungfisk og presmolt samanlikna med elektrofiske ved høg vassføring om hausten ved ei vassføring på ca. 60 m³/s nedst i Suldalslågen. Denne vurderinga er basert på samanlikning med artsfordeling for utvandrande smolt som er blitt fanga i smoltfella, og ein nær signifikant samanheng mellom tettleik av presmolt på det "nye" stasjonsnettet for elektrofiske i januar og antal smolt som vart fanga i smoltfella etterfølgjande vår (Sægrov og Urdal 2009). Dei 10 "nye" stasjonane var fordelt med ca. 2 km avstand langs elva, utan omsyn til det allereie eksisterande stasjonsnettet. Serien med parallelle undersøkingar haust og vinter vart vidareført hausten 2009 og vinteren 2010 for å halde kontinuiteten i den lange

serien, og for å skaffe meir informasjon om korleis vassføring, vasstemperatur og tid på året påverkar resultata.

For å samanlikne resultata frå elektrofiske ved ulike vassføringar og ulike tider på året, og eventuell effekt av stasjonsval for elektrofiske, vart det berekna arealkorrigerte tettleiksestimat frå ungfiskundersøkingar i september/oktober i perioden 2003-2009 ved høg vassføring og høg vasstemperatur på 12 av dei 16 stasjonane som har blitt undersøkt i perioden 1978 - 2003 (Saltveit 2004a). Dei same stasjonane vart så elektrofiska i januar/mars 2004 - 2010 ved låg vassføring og låg vasstemperatur, og samtidig vart det fiska på dei 10 ”nye” stasjonane der det vart fiska i januar 2004. Antal stasjonar på det ”gamle stasjonsnettet” vart redusert frå 16 til 12 fordi 4 av stasjonane (nr. 2, 8, 12 og 15, Saltveit 2004a) låg nær andre stasjonar. Nokre av dei 12 stasjonane som vart fiska i september/oktober ved relativt høg vassføring, hadde annleis substrat og vassdjup ved den lågare vassføringa i januar. Dei tre datasetta; stasjon 1-16 ved høg vassføring i september og låg vassføring i januar/februar, og stasjon 101-110 ved låg vassføring i januar/februar representerer ulike tilhøve under elektrofiske (haustfiske: høg vassføring - høg temperatur, og vinterfiske: låg vassføring - låg temperatur).

Resultat frå undersøkingar i andre sommarkalde elvar viser at ”swim-up” temperturen kan vere ein faktor som påverkar rekrutteringa av laks i Suldalslågen (Sægrov mfl. 2007, Sægrov og Urdal 2008). Det er difor rekna ut ”swim-up” temperaturar også for 2009.

Det har dei siste åra blitt samla inn og analysert skjelprøvar frå ein relativt høg andel av laksen som er blitt fanga i fiskesesongen. Resultata frå desse analysane blir presenterte i denne rapporten og omfattar innslag og fordeling av rømt oppdrettslaks, sjøalderfordeling, vekst i sjøen og innslag og gjenfangst av kultivert laks.

# 2 METODAR OG STASJONSSKILDRING

## 2.1. Metodikk

Ungfiskundersøkingar vart gjennomført ved tre gongers overfiske med elektrisk fiskeapparat på kvar stasjon, ein metode som gjev grunnlag for utrekning av tettleiksestimat (Bohlin mfl. 1989). All fisk vart tekne med og seinare oppgjort. All fisk vart artsbestemt, lengdemålt og vegen, alderen vart bestemt ved analyse av otolittar (øyresteinar) og/eller skjell, og kjønn og kjønnsmogning vart bestemt.




*Figur 2.1. Suldalslågen. Stasjonsnett for elektrofiske 14.-15. oktober 2009 og 25.-26. januar 2010 og 25. mars 2010. Stasjonane 1-16 er tidlegare undersøkt av LFI-Oslo (Saltveit 2004a), stasjon 101-110 er tidlegare undersøkt av Rådgivende Biologer AS (Sægrov & Urdal 2009).*

Berekna tettleik av enkelte årsklassar og totaltettleikar på kvar stasjon er presenterte som estimat med 95 % konfidensintervall og fangbarheit. Dersom konfidensintervallet overstig 75 % av tettleiks-estimatet, reknar vi at fangsten utgjer 87,5 % av antalet fisk på det overfiska området, dvs. at 50 % av fisken som er på området blir fanga i kvar fiskeomgang. For å illustrere variasjon i tettleik mellom stasjonar er det samla materialet i denne rapporten presentert som gjennomsnitt av tettleiksestimat for kvar årsklasse/kategori på kvar stasjon ± 95 % konfidensintervall. Saltveit (2004a) rekna gjennomsnitt og konfidensintervall på ein annan måte ved å summere fangsten av fisk i kvar fiskeomgang for alle stasjonane og rekna ut ein samla tettleik av fisk på det totale overfiska arealet, og delte så på arealet for å finne gjennomsnittleg tettleik pr. 100 m², altså eit uvekta gjennomsnitt.

Presmolttettleik er eit mål på kor mykje fisk som er forventa å gå ut som smolt førstkommande vår. Smoltstorleik, og dermed også presmoltstorleik, er korrelert til vekst. Di raskare ein fisk veks, di mindre er han når han går ut som smolt (Økland mfl. 1993). Presmolt er rekna som: Årsgammal fisk (0+) som er 9 cm eller større, eitt år gamal fisk (1+) som er 10 cm og større; to år gamal fisk (2+) som er 11 cm og større; fisk som er tre år og eldre og som er 12 cm og større. Aure som er større enn 16 cm blir rekna som elveaure og blir ikkje inkludert.

## 2.2. Stasjonsskildring

**Stasjon 1-16**. Den 14.-15. oktober 2009 vart det elektrofiska på 12 av dei 16 stasjonane som har vore elektrofiska sidan 1977 (Saltveit 2004a). Desse stasjonane vart også undersøkt i september 2004 og 2005, og oktober 2006, 2007 og 2008 (Sægrov & Urdal 2009). Den 14. oktober 2009 var vassføringa 46 m³/s ved Stråpa øvst i elva og 52 m³/s ved Lavika nedst i elva. Vasstemperaturen varierte mellom 8 °C øvst i elva, og 7,6 °C på den nedste stasjonen. Overfiska areal var frå 100 til 200 m² per stasjon (**figur 2.1**; **tabell 2.1**), og samla areal var 1990 m². Vassdekninga var då ca. 100 %. Vassdekt areal er her brukt om kor stor del av elvesenga som er dekt i det området der det blir elektrofiska, og elvesenga er området frå graskant til graskant. 100 % dekning vil vere nær det arealet som er dekt ved middel sommarvassføring. Middel sommarvassføring er blitt redusert i Suldalslågen etter regulering, og det er ein del stader i ferd med å etablere seg ny graskant ved ei sommarvassføring på 65 m³/s, målt ved Suldalsosen.

Den 25.-26. januar 2010 vart desse stasjonane elektrofiska på nytt, då ved ei vassføring på ca. 12 m³/s øvst i elva og ca. 14 m³/ nedst. Vasstemperaturen varierte mellom 2,5 øvst og 0,7 °C nedst (**tabell 2.2**). Den 25. mars 2010 vart det elektrofiska på fire stasjonar nedanfro Juvet som var isdekte i januar. Vassføringa var då 26 m³/s og temperaturen var 2,3 °C. Den reduserte vassføringa førde til at fleire av stasjonane vart flytta sidevegs ut frå elvebreidda og endra dermed karakter med omsyn til vassdjup, straumhastigheit, substrat og begroing. Stasjon 11 var så mykje endra i høve til tidlegare undersøkingar at det var uråd å fiska denne eller tilsvarande lokalitet i nærleiken. Arealet var 100 m² på alle stasjonar, og samla overfiska areal var dermed 1100 m². Vassdekninga var mellom 60 og 95 % på dei ulike stasjonane.

*Tabell 2.1. Geografisk plassering og skildring av stasjon 1-16 ved elektrofiske i Suldalslågen 14.-15. oktober 2009. Stasjonane er lokaliserte med GPS, etter kartdatum WGS84 i nedre kant av stasjonen. Substratet er grovt klassifisert. (Sjå også habitatbeskriving med bilete av kvar stasjon i Saltveit 2004a, Suldalslågen Miljørapport nr. 34).*

| Stasjon | Plassering (WGS84) | Overfiska areal (m²) | Djup (cm) min-maks | Vass-dekn. (%) | Mose-dekke (%) | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 32 V 0359316 6597065 | 200 (40x5) | 0-60 | 100 | < 20 | Rullestein, stor stein og blokker. Ein del sand, lite vegetasjon Svak til rask straum. |
| 3 | 32 V 0358050 6596976 | 120 (40x3) | 0-120 | 105 | < 20 | Knyttneve- til hovudstor stein, smal og brådjup, lite vegetasjon. Relativt rask straum. |
| 4 | 32 V 0357374 6596631 | 200 (50x4) | 0-80 | 100 | < 10 | Små til knyttnevestor stein, ein del sand og grus, lite vegetasjon. Relativt svak straum. |
| 5 | 32 V 0356062 6596180 | 200 (50x4) | 0-90 | 100 | 40 | Stein i varierande storleik, forbygning, grus, sand, noko vegetasjon. Svak straum. |
| 6 | 32 V 0354395 6595753 | 160 (40x4) | 0-80 | 100 | 90 | Stein, grus, sand, bakevje. Svak straum. |
| 7 | 32 V 0353452 6594440 | 150 (50x3) | 0-120 | 100 | 70 | Relativt grovt steinsubstrat, brådjup og smal. Varierande straumhastigheit. |
| 9 | 32 V 0352213 6593716 | 200 (50x4) | 0-70 | 105 | 80 | Hovudstor stein og blokk, sand, mose og annan vegetasjon. Rel. svak straum |
| 10 | 32 V 0350303 6593909 | 100 (25x4) | 0-80 | 100 | 50 | Knyttnevestor stein og blokker, grus og sand. Rel. svak straum. |
| 11 | 32 V 0349014 6594120 | 120 (40x3) | 0-100 | 100 | 90 | Stor stein og blokk, bakevje. Stri straum |
| 13 | 32 V 0347675 6595922 | 200 (50x4) | 0-60 | 100 | 40 | Småstein, grus og sand. Svak straum |
| 14 | 32 V 0346513 6596474 | 200 (50x4) | 0-70 | 100 | 50 | Småstein, grus og sand, bakevje, Svak straum. |
| 16 | 32 V 0345376 6596805 | 140 (40x3,5) | 0-100 | 100 | 50 | Små rullestein, grus, sand. Svak straum. |

*Tabell 2.2. Geografisk plassering og skildring av stasjon 1-16 ved elektrofiske i Suldalslågen 25.-26. januar og 25. mars 2010. Stasjonane er lokaliserte med GPS, etter kartdatum WGS84. Substratet er grovt klassifisert. *Stasjon 16 er den same som stasjon 110 (jf. **tabell 2.3**).*

| Stasjon | Plassering (WGS84) | Overfiska areal (m²) | Djup (cm) min-maks | Vassdekn. (%) | Mose-dekke (%) | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 32 V 0359335 6597077 | 100 (25x4) | 0-70 | 60 | 50 | Svak straum, leire mellom steinar |
| 3 | 32 V 0358055 6596973 | 100 (33x3) | 0-100 | 70 | 80 | Svak straum, delvis bakevje, brådjup |
| 4 | 32 V 0357363 6596621 | 100 (25x4) | 0-20 | 60 | 80 | Stein, grus, stri ytst |
| 5 | 32 V 0356063 6596178 | 100 (33x3) | 0-120 | 75 | 80 | Grov botn, delvis bakevje, brådjup |
| 6 | 32 V 0354392 6595748 | 100 (40x2,5) | 0-120 | 85 | 40 | Grov botn, brådjup, stri øvst og ytst |
| 7 | 32 V 0353452 6594440 | 100 (33x3) | 0-90 | 88 | 50 | Steinsett, relativt djup, roleg |
| 9 | 32 V 0352213 6593716 | 100 (25x4) | 0-40 | 75 | 80 | Svak straum, stein og grus |
| 10 | 32 V 0350333 6593889 | 100 (25x4) | 0-40 | 70 | 40 | Svak straum, stein og grus |
| 13 | 32 V 0347675 6595922 | 100 (40x2,5) | 0-60 | 70 | 60 | Småstein og grus, middels straum |
| 14 | 32 V 0346502 6596468 | 100 (25x4) | 0-50 | 95 | 30 | Stein, grus og sand, middels straum |
| 16* | 32 V 0345373 6596818 | 100 (20x5) | 0-80 | 90 | 70 | Små rullestein, roleg straum |

**<u>Stasjon 101-110</u>**. Den 25.-26. januar og 25. mars 2010 vart det også gjennomført elektrofiske på 10 stasjonar som første gong vart etablert av Rådgivende Biologer i januar 2004 (Urdal & Sægrov 2004). Arealet var 100 m² på alle stasjonar og samla overfiska areal var 1000 m² (**tabell 2.3**). Vassdekninga var mellom 60 og 95 % på dei ulike stasjonane. NB! Stasjon 16 og stasjon 110 er den same.

*Tabell 2.3. Geografisk plassering og skildring av stasjon 101-110 ved elektrofiske i Suldalslågen 25.-26. januar og 25. mars 2010. Stasjonane er lokaliserte med GPS, etter kartdatum WGS84. Vassdjup, vassdekning og mosedekke er vurdert, og substratet er grovt klassifisert. *Stasjon 110 er den same som stasjon 16 (jfr.* ***tabell 2.2****). Det var moderat straumhastigheit på alle stasjonane.*

| Stasjon | Plassering (WGS84) | Overfiska areal (m²) | Djup (cm) (min-maks) | Vass-dekn.(%) | Mose-dekke (%) | Merknader |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 101 | 32 V 0358138 6596980 | 100 (20x5) | 0-50 | 60 | 90 | Rullesteinsbotn (5 – 20 cm) |
| 102 | 32 V 0357095 6596561 | 100 (20x5) | 50 (0-100) | 70 | 90 | Stein og blokker (10 – 40 cm) |
| 103 | 32 V 0356208 6596282 | 100 (20x5) | 30 (0-40) | 60 | 80 | Rullesteinsbotn (5 – 30 cm) |
| 104 | 32 V 0354440 6595857 | 100 (25x4) | 20 (0-30) | 75 | 80 | Middels grov botn (10 – 60 cm) |
| 105 | 32 V 0353161 6594058 | 100 (20x5) | 30 (0-70) | 85 | 60 | Grusbotn |
| 106 | 32 V 0350807 6593696 | 100 (20x5) | 30 (0-80) | 95 | 50 | Grusbotn, nokre blokker |
| 107 | 32 V 0349385 6593976 | 100 (20x5) | 20 (0-30) | 60 | 50 | Rullesteinsbotn (5 – 15 cm) |
| 108 | 32 V 0348003 6595615 | 100 (25x4) | 60 (0-100) | 90 | 80 | Blokker ( 5 0 – 150 cm) |
| 109 | 32 V 0346767 6596206 | 100 (20x5) | 20 (0-40) | 90 | 80 | Stein og blokker ( 15 – 50 cm) |
| 110* | 32 V 0345373 6596818 | 100 (25x4) | 50 (0-80) | 90 | 70 | Rullesteinsbotn (5 – 15 cm) |

Ved ei vassføring på ca 64 m³/s ved Suldalsosen er elvearealet 1,57 mill. m² (Magnell mfl. 2003). Ved elektrofisket i januar/februar har vassføringa dei fleste år vore 15-20 m³/s nedst i Suldalslågen, og då er arealet berekna til 1,1 mill. m² som er 70 % av arealet ved vassføring på 65 m³/s (Magnell mfl. 2003). Arealet i september/oktober var altså om lag 1,4 gonger større enn arealet i januar.

Under elektrofisket i september/oktober vart det berekna at i gjennomsnitt 100 % av elvesenga var vassdekt, og det gjekk vatn inn på graskanten på to av stasjonane (**tabell 2.1**). I januar vart gjennomsnittleg vassdekning anslegen til 77 % på dei gamle stasjonane og 78 % på dei nye (**tabell 2.2 og tabell 2.3**). Vassdekninga var altså den same på dei to stasjonsnetta i januar, men litt høgare enn det same som er berekna for heile elva ved denne vassføringa, altså 70 %. Då det "gamle" stasjonsnettet vart elektrofiska i januar var breidda på 5 av 11 stasjonar 3 meter eller mindre (**tabell 2.2**). Fleire av desse stasjonane var brådjupe med ei smal stripe med stein inst mot bredda. På det nye stasjonsnettet er dei fleste stasjonar (9 av 10) fem meter breie (100 x 5 m) (**tabell 2.3**).

*Tabell 2.4. Oversikt over antal stasjonar, totalt overfiska areal, vassføring og vasstemperatur oppe og nede i Suldalslågen ved ungfiskundersøkingar i 2004-2010. I 2010 vart elektrofisket gjennomført 25. - 26. januar og 25. mars. Vassførings- og vasstemperaturdata er henta frå NVE. Kvar ungfiskundersøking vart gjennomført i løpet av to-tre dagar, og vassføring/-temperatur er gjevne for begge dagar, eller første og siste dag. *Ved desse høva er vasstemperaturen eigne målingar, medan vassføringsdata vart lesne av på målaren ved Sandsfossen.*

| | | | Ant | Tot. areal | Vassføring (m³/s) | | Vasstemperatur (°C) | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | Dato | Serie | stasj. | (m²) | Stråpa (oppe) | Lavika (nede) | Suldalsosen | Tjelmane bru |
| 2004 | 7. - 8. jan | 101-110 | 10 | 1000 | 13 / 13 | 16 / 17 | 2,7* | 1,9 / 1,8 |
| 2004 | 29. - 30. sep | 1-16 | 12 | 1990 | 67 / 65 | 79 / 75 | 9,2 / 9,1 | 9,2 / 9,1 |
| 2005 | 20. - 21. jan | 1-16 | 12 | 1200 | 12 | 21* | 2,6 / 2,6 | 1,9 / 2,2 |
| 2005 | 20. - 21. jan | 101-110 | 10 | 1000 | 12 | 21* | 2,6 / 2,6 | 1,9 / 2,2 |
| 2005 | 27. - 28. sep | 1-16 | 12 | 2030 | 55 / 56 | 68 / 82 | 9,9 / 9,9 | 10,3 / 10,0 |
| 2006 | 4. - 5. jan | 1-16 | 11 | 1100 | 13 / 13 | 15 / 15 | 2,9 / 2,7 | 2,2* |
| 2006 | 4. - 5. jan | 101-110 | 10 | 1000 | 13 / 13 | 15 / 15 | 2,9 / 2,7 | 2,2* |
| 2006 | 4. - 5. okt | 1-16 | 12 | 1990 | 55 / 55 | 64 / 68 | 11,2 / 11,2 | 10,3 / 10,0* |
| 2007 | 23. - 25. jan | 1-16 | 11 | 1100 | 13 / 13 | 18 / 17 | 3,1 / 3,1 | 1,2 / 1,0 |
| 2007 | 23. - 25. jan | 101-110 | 10 | 1000 | 13 / 13 | 18 / 17 | 3,1 / 3,1 | 1,2 / 1,0 |
| 2007 | 3. - 4. okt | 1-16 | 12 | 1990 | 54 / 54 | 61 / 61 | 8,5 / 8,5 | 8,6 / 8,6 |
| 2008 | 12. - 14. feb | 1-16 | 11 | 1100 | 12 / 12 | 19 / 18 | 2,6 / 2,5 | 1,9 / 1,7 |
| 2008 | 12. - 14. feb | 101-110 | 10 | 1000 | 12 / 12 | 19 / 18 | 2,6 / 2,5 | 1,9 / 1,7 |
| 2008 | 1. - 2. okt | 1-16 | 12 | 1990 | 58 / 57 | 72 / 68 | 9,4 / 9,3 | 9,4 / 9,0 |
| 2009 | 27. - 28. jan | 1-16 | 11 | 1100 | 12 | 18* | 2,5* | 1,8* |
| 2009 | 27. - 28. jan | 101-110 | 10 | 1000 | 12 | 18* | 2,5* | 1,8* |
| 2009 | 14. - 15. okt | 1-16 | 12 | 1990 | 46 / 46 | 52 / 52 | 8,0 / 8,0 | 7,6 / 7,6 |
| 2010 | Jan. /mars | 1-16 | 11 | 1100 | 12 | 14* | 2,5* | 0,7* |
| 2010 | Jan. /mars | 101-110 | 10 | 1000 | 12 | 26* | 2,5* | 2,3* |

## 2.3. Vassføring

I uregulert tilstand var gjennomsnittleg årleg vassføring 91 m³/s ut av Suldalsvatnet, men etter siste regulering vart vassføringa redusert til 50 m³/s fram til 1997. Dei store flaumane i vassdraget, med vassføringar på over 500 m³/s før regulering, har forma elveløpet. Vinterstid kunne vassføringa i periodar kome ned mot 3-5 m³/s, men sidan 1990 har minste vassføring om vinteren vore 12 m³/s ut av Suldalsvatnet. Tilsig frå sidefelt kan i nedbørsperiodar gje langt høgare vassføring ved utløpet i sjøen.

I dei tre periodane med ulike prøvereglement; 1990-1997, 1998-2000 og 2001-2003 har vassføringa kvar gong blitt redusert i perioden mai-juli, men i dei 9 resterande månadene har vassføringa vore mykje den same i alle tre periodane. Det har vore sleppt smoltflaumar om våren som har variert i mengde, og sidan 2001 også spyleflaumar om hausten (utanom i 2004). Etter 2001 har det vore redusert vassføring tidleg på sommaren og relativt små smoltflaumar. Nedover langs Suldalslågen kjem det til uregulerte sideelvar som i snitt over året aukar vassføringa ved fjorden med 10 m³/s samanlikna med ut av Suldalsvatnet. Variasjonen i vassføring aukar nedover elva i høve til nedbøren. (Magnell mfl. 2004, Gravem og Gregersen 2009) (**figur 2.3.1**).




***Figur 2.3.1.** Vassføring (døgnsnitt) ved Lavika nedst i Suldalslågen vist som gjennomsnitt for periodane 1990-1997, 1998-2000, 2001-2003 og 2004-2008. Grått felt viser tidspunkt for gjennomsnittleg start på smoltutvandringa (26. april) og 75 % (7. mai) utvandring i perioden 1997-2008. Data frå NVE og Gravem og Gregersen (2009).*

## 2.4. Temperatur

Det var betydeleg høgare gjennomsnittstemperatur frå mai til ut august i periodane 2001 - 2003 og 2004 - 2008 samanlikna med 1998 - 2000 og 1990 - 1997 (**figur 2.4.1**). I månadane frå januar til ut april var det liten temperaturskilnad mellom dei ulike periodane. Temperaturen stig i april, men avtek igjen i mai samband med auka vassføring når det blir sleppt smoltflaumar. Det same skjer med aukande vassføring midt i juni og midt i juli dei fleste av åra. I periodane 2001-2003 og 2001-2008 var gjennomsnittstemperaturen i mai 0,5 og 0,6 °C høgare enn snittet for perioden 1998-2001. I juni var temperaturen i snitt høvesvis 0,8 og 1,0 °C høgare, og i juli høvesvis 2,3 og 1,1°C høgare enn i perioden 1998 -2000 (**figur 2.4.1**). Det er her brukt temperaturar øvst i elva fordi data frå nedst i elva manglar for lengre periodar. På grunn av oppvarming nedover elva og tilsig frå sidefelt er temperturendringane mindre langt nede i elva enn øvst i elva.




***Figur 2.4.1.*** *Gjennomsnittleg vasstemperatur (døgnsnitt) ved Suldalsosen øvst i Suldalslågen i periodane 1990-1997, 1998-2000, 2001-2003 og 2004-2008. Data frå NVE*

# 3 RESULTAT

## 3.1. Ungfisktettleik

### 3.1.1. Stasjon 1-16, 1.-2. oktober 2008

Det vart fanga totalt 494 lakseungar og 260 aureungar på 12 stasjonar (samla areal: 1990 m²). Gjennomsnittleg estimert tettleik av ungfisk var 45,8 per 100 m², av ungfisk eldre enn årsyngel var tettleiken 16,7 per 100 m² **(figur 3.1, vedleggstabell 6.C**).

Gjennomsnittleg estimert tettleik av laks var 28,1 per 100 m², med variasjon frå 0 på stasjon 14 til 96,6 på stasjon 1. For laks eldre enn årsyngel var gjennomsnittleg tettleik 9,1 per 100 m² **(figur 3.1, vedleggstabell 6.A**). Laksane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 3 år gamle (3+).

Gjennomsnittleg estimert tettleik av aure var 16,5 per 100 m², med variasjon frå 2,6 på stasjon 5 til 29,6 på stasjon 7. Av aure eldre enn årsyngel var tettleiken 5,0 per 100 m² **(figur 3.1, vedleggstabell 6.B**). Aurane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 3 år gamle (3+).

Det var høgare tettleik av laks enn aure av alle aldersgrupper.




*Figur 3.1. Estimert tettleik av dei ulike aldersgruppene av laks (over) og aure (under) fanga ved elektrofiske på stasjon 1-16 i Suldalslågen 14.-15. oktober 2009. Detaljar om reell fangst, fangbarheit og estimert fangst er samla i* ***vedleggstabell 6.A-C****. Sjå kart (****figur 2.1****) for plassering av stasjonane.*

### 3.1.2. Stasjon 1-16, 27.-28. januar 2009

Det vart fanga totalt 236 laksungar og 73 aureungar på 11 stasjonar (samla areal: 1100 m²). Stasjon 11 var ikkje mogeleg og fiske på grunn av stri straum. Gjennomsnittleg estimert tettleik av ungfisk var 34,3 per 100 m², av ungfisk eldre enn årsyngel var tettleiken 18,2 per 100 m² (**figur 3.2, vedleggstabell 6.F**). **Merk at summen av enkeltestimat, t.d. for dei ulike aldersgruppene eller artane ikkje nødvendigvis er det same som eit totalestimat for gruppene samla**.

Gjennomsnittleg estimert tettleik av laks var 24,8 per 100 m², med variasjon frå 2,0 på stasjon 14 til 63,2 på stasjon 1. For laks eldre enn årsyngel var tettleiken 15,8 per 100 m² (**figur 3.2, vedleggstabell 6.D**). Laksane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 3 år gamle (3+).

Gjennomsnittleg estimert tettleik av aure var 7,8 per 100 m², med variasjon frå 0 på stasjon 4, 13 og 14 til 20,6 på stasjon 7. For aure eldre enn årsyngel var tettleiken 2,3 per 100 m² (**figur 3.2, vedleggstabell 6.E**). Aurane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 2 år gamle (2+).

Tettleiken var høgare for alle aldersgrupper av laks enn for tilsvarande aldersgrupper av aure.




*Figur 3.2. Estimert tettleik av dei ulike aldersgruppene av laks (over) og aure (under) fanga ved elektrofiske på stasjon 1-16 i Suldalslågen 25.-26. januar og 23. mars 2010. Detaljar om reell fangst, fangbarheit og estimert fangst er samla i* ***vedleggstabell 6.D-F****. Sjå kart (****figur 2.1****) for plassering av stasjonane.*

*NB! Stasjon 11 vart ikkje fiska på grunn av stri straum.*

### 3.1.3. Stasjon 101-110, 25.-26. januar og 23. mars 2010

Det vart fanga totalt 313 lakseungar og 110 aureungar på 10 stasjonar (samla areal: 1000 m²). Gjennomsnittleg estimert tettleik av ungfisk var 50,1 per 100 m², av ungfisk eldre enn årsyngel var tettleiken 31,7 per 100 m² (**figur 3.3; vedleggstabell 6.I**).

Gjennomsnittleg estimert tettleik av laks var 36,8 per 100 m², med variasjon frå 3,5 på stasjon 105 til 83,4 på stasjon 109. For laks eldre enn årsyngel var tettleiken 25,2 per 100 m² (**figur 3.3, vedleggstabell 6.G**). Laksane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 3 år gamle (3+).

Gjennomsnittleg estimert tettleik av aure var 12,6 per 100 m², med variasjon frå 0 på stasjon 107 til 47,5 på stasjon 102. For aure eldre enn årsyngel var tettleiken 6,1 per 100 m² (**figur 3.3, vedleggstabell 6.H**). Aurane som vart fanga var frå årsyngel (0+) til 3 år gamle (3+).

Det var klart høgare tettleik av laks enn aure for alle aldersgrupper.




*Figur 3.3. Estimert tettleik av dei ulike aldersgruppene av laks (over) og aure (under) ved elektrofiske på 10 stasjonar i Suldalslågen 25.-26. januar og 23. mars 2010. Detaljar om reell fangst, fangbarheit og estimert fangst er samla i* ***vedleggstabell 6.G-I****. Sjå kart (**figur 2.1**) for plassering av stasjonane.*

### 3.1.4. Presmolttettleik

Stasjon 1-16, oktober 2009: Gjennomsnittleg estimert presmolttettleik var 2,2 per 100 m², fordelt på 0,4 laks og 1,7 aure (summen av to estimat er ulik estimat av laks og aure samla). Presmolttettleiken varierte mellom stasjonane frå 0 til 8,2 per 100 m² (**figur 3.4**).

Stasjon 1-16, januar og mars 2010: Gjennomsnittleg estimert presmolttettleik var 5,5 per 100 m², fordelt på 4,1 laks og 1,4 aure (summen av to estimat er ulik estimat av laks og aure samla). Presmolttettleiken varierte mellom stasjonane frå 0 til 13,9 per 100 m² (**figur 3.4**).

Stasjon 101-110, januar og mars 2010: Gjennomsnittleg estimert presmolttettleik var 9,8 per 100 m², fordelt på 6,5 laks og 3,5 aure. Presmolttettleiken varierte mellom stasjonane frå 1,0 til 24,3 per 100 m² (**figur 3.4**).




*Figur 3.4. Estimert tettleik av presmolt laks og aure ved elektrofiske i Suldalslågen 14.-15. oktober 2009 (stasjon 1-16), og 25.-26. januar og 23. mars 2010 (stasjon 1-16 og 101-110) Detaljar om reell fangst, fangbarheit og estimert fangst er samla i* ***vedleggstabell 6.A-I****. Stasjonane med lågast nummer er øvst i elva.*

Vassdekt areal var ca 25 % større i oktober enn i januar. Sjølv om ein korrigerer for vassdekning var det langt høgare tettleik av presmolt på begge stasjonsnetta i januar/mars samanlikna med i oktober.

Av 1+ laks varierte andelen presmolt mellom 1 og 15 % ved dei tre undersøkingane, for 2+ var andelen mellom 7 og 39 %. For aure var 28 -4 4 % av 1+ og 67 - 100 % av 2+ rekna som presmolt (**tabell 3.1**).

Gjennomsnittleg presmoltalder varierte mellom 1,6 og 1,9 år for laks ved dei tre undersøkingane og varierte mellom 1,3 og 1,6 år for aure, smoltalder vil vere eit år høgare. Gjennomsnittleg presmoltlengd var 11,3 - 12,0 cm for laks og 11,5-13,2 cm for aure.

*Tabell 3.1. Andel presmolt av aure og laks i dei ulike aldersgrupper eldre enn årsyngel, og gjennomsnittleg presmoltalder og -lengd for dei tre ungfiskmateriala. Smoltalder er eitt år meir enn presmoltalder.*

| Materiale | Alder | Laks | | | | | Aure | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Parr | Presmolt | | | | Parr | Presmolt | | | |
| | | n | n | % | lengd | alder | n | n | % | lengd | alder |
| St. 1-16 | 1+ | 160 | 1 | 1 | 11,4 | | 53 | 21 | 28 | 10,8 | |
| okt. | 2+ | 33 | 7 | 18 | 11,3 | | 3 | 6 | 67 | 13,0 | |
| 2009 | 3+ | 1 | 0 | 0 | | | 0 | 2 | 100 | 15,2 | |
| | Sum/snitt | 194 | 8 | 4 | 11,3 | 1,9 | 56 | 29 | 34 | 11,5 | 1,3 |
| St. 1-16 | 1+ | 89 | 15 | 14 | 10,7 | | 9 | 5 | 36 | 10,6 | |
| jan. /mars | 2+ | 18 | 26 | 59 | 11,9 | | 0 | 9 | 100 | 14,7 | |
| 2010 | 3+ | 1 | 0 | 0 | - | | 0 | 0 | - | | |
| | Sum/snitt | 108 | 41 | 28 | 11,4 | 1,6 | 9 | 14 | 61 | 13,2 | 1,6 |
| St. 101-110 | 1+ | 121 | 13 | 10 | 10,7 | | 23 | 18 | 44 | 10,7 | |
| jan./mars | 2+ | 30 | 39 | 57 | 12,3 | | 0 | 13 | 100 | 13,6 | |
| 2010 | 3+ | 0 | 7 | 100 | 12,5 | | 0 | 1 | 100 | 16,6 | |
| | Sum/snitt | 151 | 59 | 28 | 12,0 | 1,9 | 23 | 32 | 58 | 12,1 | 1,5 |

## 3.3. Lengdefordeling

Alle aldersgrupper av laks og aure var litt større ved undersøkingane i januar/mars 2010 enn i oktober 2009, med unntak for årsyngel av laks som var om lag like stor om vinteren og hausten (**figur 3.6, tabell 3.2**). Dette kan indikere at fiskane hadde vakse litt i den mellomliggjande perioden, og sannsynlegvis skjedde veksten i løpet av oktober.




*Figur 3.6. Lengdefordeling av laks (venstre) og aure (høgre) fanga ved elektrofiske i Suldalslågen 14.-15. oktober 2009 (øvst), og 25.-26. januar og 23. mars 2010 (nedst).*

*Tabell 3.2. Snittlengder (cm ± standardavvik) for ulike aldersgrupper av laks og aure fanga ved elektrofiske i Suldalslågen 14.-15. oktober 2009, og 25.-26. januar og 23. mars 2010.*

| | | Lengd, cm ± st. avvik (n) | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Art | Materiale | 0+ | 1+ | 2+ | 3+ |
| **Laks** | Oktober 2009 | 5,0 ± 0,5 (292) | 8,0 ± 0,8 (161) | 10,2 ± 0,9 ( 40) | 9,4 ± - |
| | Januar/mars 2010 | 5,1 ± 0,5 (190) | 8,4 ± 1,1 (238) | 11,2 ± 1,4 (113) | 12,4 ± 0,6 (8) |
| **Aure** | Oktober 2009 | 5,7 ± 0,8 (175) | 9,3 ± 1,2 ( 74) | 12,0 ± 2,1 ( 9) | 15,2 ± 0,6 (2) |
| | Januar/mars 2010 | 6,0 ± 0,7 (105) | 9,6 ± 1,2 ( 55) | 14,1 ± 1,3 ( 22) | 16,6 ± - (1) |

## 3.4. Kjønnsfordeling og kjønnsmogning

Kjønnsfordelinga for laks var ikkje langt frå 50:50 ved undersøkingane i oktober og januar/mars, med ei svak overvekt av hannar i oktober (**tabell 3.3**). For aure var det ei overvekt av hannar i oktober, men om lag likt i januar/mars.

I oktober vart det berre fanga 13 kjønnsmogne hannparr av laks, i januar/mars var fangsten 28. Desse utgjorde høvesvis ca. 12 % og 19 % av laksehannar eldre enn årsyngel (**tabell 3.3**). Den minste kjønnsmogne hannen var 7,0 cm og vog 3,4 gram, alderen var 1+.

GSI (Gonadosomatisk indeks) er gonadevekta i % av total kroppsvekt. Dei 13 kjønnsmogne hannane som vart fanga i oktober hadde ein gjennomsnittleg GSI på 8,1 %, medan snittindeksen var 4,9 % for dei 28 som vart fanga i januar/mars. Dette tilseier at dverghannane hadde gytt i mellomtida.

*Tabell 3.3. Kjønnsfordeling aure og laks, og andel kjønnsmogne lakseparr for dei ulike aldersgruppene eldre enn årsyngel.*

| | | Laks | | | | | | Aure | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Materiale | Alder | Hannar | Hoer | Sum | Han:ho | Kj. mogne hannar | | Hannar | Hoer | Sum | Han:ho |
| | | | | | | Antal | % | | | | % |
| Oktober 2009 | 1+ | 86 | 73 | 159 | 54:46 | 9 | 10,5 | 45 | 29 | 74 | 61:39 |
| | 2+ | 22 | 18 | 40 | 55:45 | 4 | 18,2 | 5 | 4 | 9 | 56:44 |
| | 3+ | | 1 | 1 | 0:100 | | | 1 | 1 | 2 | 50:50 |
| | Sum | 108 | 92 | 200 | 54:46 | 13 | 12,0 | 51 | 34 | 85 | 60:40 |
| Januar/mars 2010 | 1+ | 100 | 85 | 186 | 54:46 | 10 | 10,0 | 18 | 14 | 32 | 56:44 |
| | 2+ | 42 | 41 | 83 | 51:49 | 16 | 38,1 | 6 | 7 | 13 | 46:54 |
| | 3+ | 3 | 3 | 6 | 50:50 | 2 | 66,7 | | 1 | 1 | 0:100 |
| | Sum | 145 | 129 | 275 | 53:47 | 28 | 19,3 | 24 | 22 | 46 | 52:48 |

## 3.5. Samanlikning av resultat frå stasjon 101-110 i jan./feb./(mars) 2004 -2010.

Stasjonane 101-110 har vore undersøkt sju gonger, i januar/februar/(mars) 2004-2010. Dei viktigaste resultata er samanfatta i **tabell 3.4/3.5.**

**Ungfisktettleik.** Tettleiken av lakseungar var i 2010 høgare enn i 2009, både av årsyngel og eldre fisk, men likevel lågare enn gjennomsnittet for dei sju åra. Tettleiken av 2+ og 3+ laks var likevel noko høgare enn dei andre åra, men desse aldersgruppene er fåtallige alle åra. Tettleiken av aure har alle år vore langt lågare enn tettleiken av laks, og relativt liten variasjon mellom år. Samla ungfisktettleik var i 2010 litt under snittet for heile perioden.

**Aldersfordeling.** Årsyngel og 1+ av laks har utgjort mellom 76 og 89 % av laksematerialet, og kva aldersgruppe som har dominert har variert frå år til år. I 2008 var det ein særleg høg tettleik av 1+, og dette viste att i 2009, ved at 2+ då utgjorde 24 % av fangsten. Det er ein tendens til at årsyngel av aure utgjer ein høgare andel av fangsten enn tilfellet er for laks.

**Lengdefordeling.** I 2008 var gjennomsnittslengda på årsyngel av laks den minste som er registrert. Årsyngelen av laks var i 2010 den største som er registrert, også 1+ var relativt stor. Gjennomsnittslengdene på dei ulike aldersgruppene av aure har variert mindre enn for laks.

**Biomasse.** Gjennomsnittleg biomasse av laks, aure og totalt var høgare i 2010 enn snittet for perioden.

**Presmolttettleik.** Presmolttettleik av laks og aure og totalt var den nest høgaste som er registert.

**Presmoltalder/-lengd.** Gjennomsnittleg presmoltalder for laks har stort sett lege på ca. 2 år, men i 2008 var snittalderen nede i 1,7 år. Gjennomsnittleg presmoltalder for aure har vore kring 1,5 år, men var nede i 1,2 år i 2007. Gjennomsnittleg presmoltlengd har variert mellom 11,5 og 12,4 cm, både for laks og aure.

*Tabell 3.4. Estimert gjennomsnittleg tettleik av ulike årsklassar av vill laks og aure fanga ved undersøkingar i Suldalslågen januar/februar/mars 2004-2010 (stasjon 101-110).*

| Årsklasse | Laks | | | | Aure | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 0+ | 1+ | 2+ | 3+ | 0+ | 1+ | 2+ | 3+ |
| 2000 | | | | 0,5 | | | | 0,0 |
| 2001 | | | 7,8 | 0,6 | | | 1,0 | 0,2 |
| 2002 | | 25,7 | 4,8 | 0,1 | | 3,6 | 1,8 | 0,0 |
| 2003 | 29,7 | 15,0 | 5,6 | 0,4 | 12,4 | 5,5 | 2,1 | 0,0 |
| 2004 | 17,3 | 22,1 | 6,2 | 0,1 | 6,9 | 4,3 | 0,9 | 0,2 |
| 2005 | 13,2 | 14,7 | 7,1 | 0,1 | 6,5 | 1,6 | 1,0 | 0,1 |
| 2006 | 28,0 | 36,8 | 6,0 | 0,7 | 7,9 | 6,7 | 1,1 | 0,1 |
| 2007 | 25,5 | 11,1 | 8,1 | | 5,3 | 3,6 | 1,5 | |
| 2008 | 9,3 | 16,1 | | | 5,9 | 4,5 | | |
| 2009 | 11,8 | | | | 6,0 | | | |
| **Snitt** | **17,5** | **19,3** | **6,3** | **0,3** | **6,4** | **4,4** | **1,4** | **0,1** |

*Tabell 3.5. Samanlikning av ein del resultat frå ungfiskundersøkingane på stasjon 101-110 i Suldalslågen i januar/februar/mars 2004-2009. Tettleiksestimat er snitt ± 95 % konfidensintervall av estimat for dei einskilde stasjonane, biomasse og presmoltalder/-lengd er snitt ± standardavvik. Aldersfordeling og snittlengd er gjeve som prosent av total fangst og snittlengd for kvar årsklasse.*

| Faktor | År | LAKS | | AURE | | TOTALT | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ungfisktettleik | | Inkl. 0+ | >0+ | Inkl. 0+ | >0+ | Inkl. 0+ | >0+ |
| (n/100 m²) | Jan. 2004 | 68,5 ± 41,0 | 33,8 ± 23,5 | 17,3 ± 14,8 | 4,8 ± 6,1 | 85,8 ± 53,3 | 39,1 ± 27,9 |
| | Jan. 2005 | 39,1 ± 28,6 | 20,9 ± 20,8 | 15,1 ± 20,8 | 7,5 ± 14,3 | 54,3 ± 38,7 | 29,3 ± 33,8 |
| | Jan. 2006 | 43,7 ± 35,6 | 27,3 ± 25,5 | 13,0 ± 17,1 | 6,5 ± 9,8 | 53,8 ± 44,2 | 35,0 ± 33,0 |
| | Jan. 2007 | 49,1 ± 33,7 | 21,5 ± 13,5 | 9,7 ± 8,4 | 1,9 ± 2,1 | 58,9 ± 36,0 | 23,6 ± 14,7 |
| | Feb.2008 | 88,5 ± 41,6 | 44,9 ± 24,1 | 14,0 ± 11,5 | 8,0 ± 7,6 | 102 ± 45,5 | 56,2 ± 30,1 |
| | Jan.2009 | 29,5 ± 18,3 | 19,2 ± 14,4 | 11,9 ± 11,0 | 5,1 ± 4,9 | 42,0 ± 24,3 | 24,6 ± 17,4 |
| | Jan/Mars 10 | 36,8 ± 19,4 | 25,2 ± 16,2 | 12,6 ± 11,0 | 6,1 ± 6,6 | 50,1 ± 23,5 | 31,7 ± 20,0 |
| Aldersfordeling (%) | Jan. 2004 | 47 – 39 – 13 – 1 | | 72 – 22 – 7 – 0 | | | |
| 0+ - 1+ - 2+ - 3+ | Jan. 2005 | 45 – 41 – 13 – 2 | | 49 – 37 – 12 – 2 | | | |
| | Jan. 2006 | 33 – 52 – 15 | | 49 – 34 – 16 | | | |
| | Jan. 2007 | 57 – 29 – 13 – 1 | | 79 – 17 – 3 | | | |
| | Feb. 2008 | 38 – 51 – 11 | | 39 – 52 – 8 – 2 | | | |
| | Jan. 2009 | 35 – 41 – 24 | | 56 – 33 – 10 – 1 | | | |
| | Jan/Mars 10 | 33 – 43 – 22 – 2 | | 50 – 37 – 12 – 1 | | | |
| Snittlengd (cm) | Jan. 2004 | 4,8 – 8,5 – 11,7 – 12,5 | | 5,6 – 9,8 – 13,6 | | | |
| 0+ - 1+ - 2+ - 3+ | Jan. 2005 | 5,1 – 8,2 – 11,6 – 12,4 | | 6,1 – 9,3 – 13,1 – 15,3 | | | |
| | Jan. 2006 | 4,6 – 8,1 – 11,2 – 11,5 | | 6,0 – 9,5 – 12,5 | | | |
| | Jan. 2007 | 5,1 – 8,1 – 11,8 – 12,5 | | 6,3 – 10,6 – 13,3 | | | |
| | Feb. 2008 | 4,4 – 7,9 – 10,8 – 12,5 | | 5,9 – 9,6 – 13,1 – 15,3 | | | |
| | Jan. 2009 | 5,0 – 7,6 – 11,0 – 12,6 | | 6,0 – 9,8 – 12,6 – 12,6 | | | |
| | Jan/Mars 10 | 5,2 – 8,4 – 11,2 – 12,5 | | 6,0 – 9,6 – 13,6 – 16,7 | | | |
| Biomasse (g/100 m²) | Jan. 2004 | 229 ± 142 | | 69 ± 67 | | 298 ± 162 | |
| | Jan. 2005 | 150 ± 90 | | 109 ± 118 | | 248 ± 185 | |
| | Jan. 2006 | 150 ± 108 | | 79 ± 79 | | 230 ± 156 | |
| | Jan. 2007 | 166 ± 137 | | 34 ± 62 | | 200 ± 166 | |
| | Feb. 2008 | 210 ± 148 | | 84 ± 104 | | 294 ± 210 | |
| | Jan. 2009 | 106 ± 93 | | 64 ± 74 | | 170 ± 148 | |
| | Jan/Mars 10 | 182 ± 142 | | 93 ± 125 | | 266 ± 216 | |
| Presmolttettleik | Jan. 2004 | 7,7 ± 6,6 | | 2,3 ± 2,8 | | 10,2 ± 7,0 | |
| (n/100 m²) | Jan. 2005 | 4,1 ± 4,6 | | 3,4 ± 6,2 | | 7,7 ± 9,4 | |
| | Jan. 2006 | 3,3 ± 5,5 | | 2,8 ± 3,8 | | 6,2 ± 7,2 | |
| | Jan. 2007 | 5,1 ± 3,1 | | 1,4 ± 1,9 | | 6,5 ± 3,9 | |
| | Feb. 2008 | 5,0 ± 4,3 | | 3,3 ± 3,0 | | 8,3 ± 5,4 | |
| | Jan. 2009 | 2,6 ± 1,7 | | 3,0 ± 2,6 | | 5,6 ± 3,6 | |
| | Jan/Mars 10 | 6,5 ± 3,8 | | 3,5 ± 3,8 | | 9,8 ± 6,1 | |
| Presmoltalder (år) | Jan. 2004 | 1,8 ± 0,5 | | 1,5 ± 0,5 | | | |
| | Jan. 2005 | 1,9 ± 0,6 | | 1,6 ± 0,6 | | | |
| | Jan. 2006 | 1,9 ± 0,3 | | 1,6 ± 0,5 | | | |
| | Jan. 2007 | 2,0 ± 0,4 | | 1,2 ± 0,4 | | | |
| | Feb. 2008 | 1,7 ± 0,5 | | 1,4 ± 0,6 | | | |
| | Jan. 2009 | 2,0 ± 0,0 | | 1,5 ± 0,6 | | | |
| | Jan/Mars 10 | 1,9 ± 0,6 | | 1,5 ± 0,6 | | | |
| Presmoltlengd (cm) | Jan. 2004 | 11,9 ± 1,1 | | 12,3 ± 1,5 | | | |
| | Jan. 2005 | 12,1 ± 1,2 | | 12,4 ± 1,6 | | | |
| | Jan. 2006 | 12,0 ± 0,8 | | 12,0 ± 1,7 | | | |
| | Jan. 2007 | 12,4 ± 0,9 | | 12,0 ± 1,3 | | | |
| | Feb. 2008 | 11,6 ± 1,0 | | 12,1 ± 1,4 | | | |
| | Jan. 2009 | 11,9 ± 0,6 | | 11,5 ± 1,1 | | | |
| | Jan/Mars 10 | 12,0 ± 1,1 | | 12,1 ± 1,9 | | | |

## 3.6. Seriar med ungfiskdata

### 3.6.1 Tettleik i september/oktober på stasjon 1 - 16 og i januar på stasjon 101 - 110

Det er gjennomført ungfiskundersøkingar i Suldalslågen årleg sidan 1978, med unntak av 1985 (Saltveit 2004a). I denne serien er elektrofisket gjennomført i september/oktober, og det har vore relativt liten skilnad i vassføring og temperatur frå år til år. På dei 16 stasjonane som har vore fiska om hausten (12 sidan 2005) har det dei fleste år vore høgare tettleik av 0+ og 1+ aure enn av laks, medan det har vore litt høgare tettleik av 2+ laks enn av 2+ aure (Saltveit 2004a, **figur 3.11, tabell 3.5**). Tettleiken av 1+ laks var i 2007, 2008 og 2009 dei høgaste sidan tidleg på 1990-talet. Tettleiken av årsyngel aure dei siste 5 åra er mellom det lågaste som er registrert.

Hausten 2007 var det høg tettleik av 0+ laks, og den høgaste som er registrert sidan 1993. Også av 1+ laks var det høg tettleik, og den høgaste som er registrert sidan 1985. Sjølv om tettleiken av både 0+ og 1+ var lågare att i 2008 og 2009, er tettleiken høgare enn i mange av dei føregåande åra. I heile perioden er det årsklassen frå 1985 som er registrert med høgast tettleik som 1+ og 2+, men dette er sannsynlegvis resultatet av store utsettingar av sommargammal, umerka setjefisk hausten 1985.




*Figur 3.11. Gjennomsnittleg tettleik av ulike årsklassar av laks (venstre) og aure (høgre) under elektrofiske i Suldalslågen på stasjon 1-16 i september i perioden 1978-2009. Data frå Saltveit 2004a, og årlege undersøkingar i perioden 2005 -2009.*




*Figur 3.12. Gjennomsnittleg tettleik av ulike årsklassar av laks (venstre) og aure (høgre) under elektrofiske i Suldalslågen på stasjon 101 – 110 ("nytt" stasjonsnett) i januar/februar/(mars) 2004-2010.*

Det er gjennomført ungfiskundersøkingar på 10 ”nye” stasjonar i Suldalslågen i januar/februar/(mars) 2004-2010. Dette inneber at det er registrert tettleik både som 0+, 1+ og 2+ av årsklassane frå 2003, 2004, 2005, 2006 og 2007 (**figur 3.12**). Det er relativt godt samsvar i mellomårsvariasjon mellom vinterundersøkingane og undersøkingane om hausten (**figur 3.11).** Tettleiken av årsyngel laks var klart lågare i 2004, 2005, 2008 og 2009 i høve til i 2003, 2006 og 2007 ved begge undersøkingane, men tettleiken av årsyngel var relativt sett lågare om vinteren 2007 enn hausten før, i høve til dei andre åra.

Tettleiken av 1+ og 2+ laks er tydeleg høgare i januar/februar enn i september alle åra. For aure er det omvendt med jamt over høgare tettleik i september enn i januar/februar. Fleire årsklassar av laks vart registrert med like høg eller høgare tettleik av 1+ enn som 0+. Dette kan sjølvsagt ikkje vere reelt, og årsaka er av metodisk karakter, ved at årsyngel er meir klumpvis fordelt enn 1+, som har hatt eit år ekstra på seg til å spreie seg. Ein annan faktor er at fangbarheita kan vere ulik for ulike aldersgrupper i januar samanlikna med i september.

### 3.6.2. Lengd og tilvekst

Årsyngel av aure har alle år vore større enn årsyngel av laks (**figur 3.13, tabell 3.6**). Ei av årsakene til dette er at auren gyt tidlegare enn laksen og dermed kjem aureyngelen opp av grusen tidlegare og får ein lenger vekstsesong det første året enn lakseyngelen. I gjennomsnitt for alle åra var 0+ laks 43,4 mm og 0+ aure 50,8 mm, auren er altså 19 % større enn laksen etter den første vekstsesongen. Med unntak av i 2005 og 2007 var årsyngel av både laks og aure større enn nokon gong sidan 1976. I 2005 og 2007 var årsyngelen av laks vesentleg mindre enn dei andre åra etter 2000 (**figur 3.13**). Lengde på årsyngel og tilvekst det andre året har auka signifikant i perioden 1976 - 2009 både for laks og aure.







*Figur 3.13. Venstre: gjennomsnittleg lengd av årsyngel av laks og aure ved elektrofiske i Suldalslågen i september, og høgre: gjennomsnittleg tilvekst som 1+ for laks og aure i Suldalslågen i perioden 1976 til 2008. Data frå Saltveit 2004a, og årlege undersøkingar i perioden 2004 - 2009.*

Tilvekst som 1+ er uttrykt som skilnaden i gjennomsnittslengd på ein årsklasse som 1+ og gjennomsnittslengda på den same årsklassen som 0+ føregåande haust. Aureungane veks dei fleste år betre enn lakseungane som 1+. I gjennomsnitt for heile perioden var årleg tilvekst 29,2 mm for 1+ laks og 33,9 mm for 1+ aure, altså 16 % betre tilvekst for auren, årsyngelen av aure var altså 19 % større.. Med unntak av i 2005 og 2007 var det god tilvekst for 1+ av både laks og aure. I 2005 og 2007 vaks både 1+ laks og aure tydeleg mindre enn dei andre åra etter 2000, tilsvarande som for årsyngel (**figur 3.13**).

Lengd på årsyngel av laks er godt korrelert med lengd på årsyngel av aure (lineær regresjon, $r^2 = 0,80$, $n = 33$, $p < 0,0001$), og tilsvarande for tilvekst som 1+ ($r^2 = 0,54$, $n = 29$, $p<0,0001$; **figur 3.14**). Veksten til laks og aure er i stor grad bestemt av temperaturen i den viktigaste delen av vekstsesongen, som er frå mai til ut juli.




*Figur 3.14. Gjennomsnittleg lengd av årsyngel og tilvekst som 1+ av ulike årsklassar av laks og aure i Suldalslågen i perioden 1976-2009. Data frå Saltveit 2004a, og årlege undersøkingar i perioden 2004 - 2009*

*Tabell 3.6. Tettleik (± 95 % konfidensintervall, k.i.) av ulike aldersgrupper av laks og aure som er blitt fanga under elektrofiske om hausten i Suldalslågen i perioden 1978-2009 Frå 2004 er konfidens-intervallet utrekna på ein annan måte enn dei andre åra. Data frå Saltveit 2004a, og årlege undersøkingar i perioden 2004 - 2009.*

| | **LAKS** | | | | | | | | | **AURE** | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | **0+** | ki. | **1+** | ki | **2+** | ki | **3+** | ki | | **0+** | ki. | **1+** | ki | **2+** | ki | **3+** | ki |
| 1978 | **20,3** | 1,2 | **9,4** | 0,4 | **2,5** | 0,1 | **0,3** | 0,0 | | **17,5** | 0,7 | **2,0** | 0,1 | **0,4** | 0,0 | **0,0** | |
| 1979 | **20,2** | 1,2 | **6,2** | 0,3 | **2,6** | 0,0 | **0,2** | 0,4 | | **15,9** | 0,7 | **2,6** | 0,2 | **2,6** | 0,0 | **0,0** | 0,0 |
| 1980 | **10,0** | 1,3 | **8,3** | 0,8 | **3,6** | 0,1 | **0,1** | | | **32,3** | 1,4 | **4,2** | 0,5 | **0,7** | 0,1 | | |
| 1981 | **30,1** | 1,2 | **7,3** | 0,1 | **2,3** | 0,0 | **0,2** | 0,0 | | **32,3** | 1,1 | **4,3** | 0,3 | **0,2** | 0,1 | | |
| 1982 | **12,9** | 0,9 | **5,7** | 0,3 | **2,3** | 0,0 | **0,3** | | | **25,2** | 0,9 | **3,5** | 0,1 | **0,7** | 0,1 | **0,2** | |
| 1983 | **21,8** | 1,7 | **6,7** | 0,4 | **2,2** | 0,1 | **0,4** | 0,1 | | **27,1** | 1,8 | **4,3** | 0,4 | **0,6** | 0,0 | **0,1** | |
| 1984 | **7,2** | 1,2 | **2,9** | 0,3 | **1,9** | 0,1 | **0,5** | 0,0 | | **11,8** | 1,1 | **2,9** | 0,3 | **0,8** | 0,2 | **0,2** | 0,2 |
| 1985 | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| 1986 | **33,7** | 1,0 | **19,7** | 0,2 | **4,1** | 0,1 | **0,4** | 0,1 | | **52,6** | 1,6 | **4,3** | 0,3 | **0,8** | 0,1 | **0,1** | |
| 1987 | **24,9** | 4,4 | **11,4** | 0,5 | **5,9** | 0,2 | **0,3** | 0,0 | | **23,6** | 2,1 | **5,6** | 1,0 | **1,4** | 0,2 | **0,0** | 0,0 |
| 1988 | **26,5** | 1,9 | **4,8** | 0,2 | **2,4** | 0,2 | **0,1** | | | **19,1** | 1,1 | **2,4** | 0,6 | **0,9** | 0,3 | **0,1** | |
| 1989 | **12,0** | 0,8 | **3,9** | 0,3 | **1,1** | 0,0 | **0,0** | | | **24,6** | 1,3 | **2,9** | 0,3 | **0,4** | 0,0 | **0,0** | |
| 1990 | **28,9** | 2,7 | **5,6** | 0,3 | **2,5** | 0,1 | **0,2** | 0,0 | | **21,1** | 1,5 | **3,4** | 0,2 | **0,7** | 0,0 | **0,0** | 0,0 |
| 1991 | **31,6** | 3,0 | **5,0** | 0,5 | **1,6** | 0,2 | **0,1** | 0,0 | | **29,0** | 2,2 | **5,2** | 0,9 | **1,4** | 0,2 | **0,1** | 0,0 |
| 1992 | **45,0** | 3,0 | **5,2** | 0,2 | **1,0** | 0,1 | **0,0** | 0,0 | | **39,9** | 2,5 | **2,7** | 0,3 | **0,4** | 0,2 | **0,0** | 0,0 |
| 1993 | **49,1** | 3,8 | **9,0** | 0,5 | **1,7** | 0,1 | **0,1** | 0,0 | | **47,6** | 2,0 | **5,0** | 0,3 | **0,7** | 0,0 | **0,1** | 0,2 |
| 1994 | **14,1** | 1,7 | **9,6** | 0,4 | **2,8** | 0,1 | **0,4** | 0,0 | | **57,2** | 2,0 | **5,4** | 0,3 | **0,9** | 0,1 | **0,1** | 0,0 |
| 1995 | **5,6** | 0,2 | **4,0** | 0,1 | **2,0** | 0,1 | **0,4** | 0,0 | | **31,7** | 1,1 | **6,5** | 0,3 | **0,9** | 0,0 | **0,2** | 0,2 |
| 1996 | **10,1** | 0,8 | **1,8** | 0,3 | **1,3** | 0,1 | **0,3** | 0,0 | | **28,7** | 1,1 | **7,8** | 0,3 | **1,8** | 0,1 | **0,3** | 0,2 |
| 1997 | **7,1** | 0,6 | **2,3** | 0,2 | **0,7** | 0,1 | **0,0** | 0,0 | | **28,1** | 1,7 | **3,5** | 0,3 | **1,0** | 0,1 | **0,4** | 0,0 |
| 1998 | **15,0** | 0,9 | **1,3** | 0,2 | **0,9** | 0,1 | **0,0** | 0,0 | | **21,9** | 1,0 | **5,4** | 0,3 | **0,9** | 0,2 | | |
| 1999 | **14,1** | 0,9 | **4,8** | 0,2 | **0,5** | 0,0 | **0,1** | | | **26,7** | 1,3 | **6,0** | 0,4 | **1,1** | 0,1 | **0,1** | |
| 2000 | **22,2** | 0,7 | **4,0** | 0,5 | **1,4** | 0,1 | | | | **34,2** | 1,0 | **6,8** | 0,2 | **1,1** | 0,1 | | |
| 2001 | **32,3** | 1,5 | **3,0** | 0,2 | **0,6** | | | | | **36,4** | 1,3 | **7,0** | 0,5 | **1,1** | 0,1 | **0,1** | |
| 2002 | **18,9** | 0,9 | **5,2** | 0,3 | **0,5** | 0,1 | **0,2** | | | **28,4** | 1,1 | **6,3** | 0,5 | **0,4** | | **0,0** | |
| 2003 | **30,0** | 1,1 | **5,4** | 0,2 | **1,1** | 0,0 | | | | **48,6** | 1,4 | **5,9** | 0,3 | **0,4** | 0,0 | | |
| 2004 | **12,9** | 6,9 | **4,8** | 2,4 | **0,8** | 0,8 | **0,0** | 0,1 | | **11,4** | 6,1 | **5,8** | 3,9 | **0,6** | 0,5 | **0,2** | 0,2 |
| 2005 | **9,4** | 4,0 | **5,4** | 1,9 | **1,0** | 0,9 | | | | **10,1** | 6,5 | **2,9** | 2,3 | **1,0** | 1,0 | **0,1** | 0,2 |
| 2006 | **16,4** | 5,4 | **4,1** | 2,7 | **1,2** | 0,2 | **0,1** | 0,2 | | **11,5** | 7,2 | **2,9** | 3,8 | **0,5** | 0,7 | **0,1** | 0,1 |
| 2007 | **36,7** | 11,4 | **13,1** | 8,8 | **1,5** | 1,3 | **0,1** | 0,1 | | **8,8** | 4,8 | **5,6** | 5,1 | **0,3** | 0,4 | **0,0** | 0,1 |
| 2008 | **22,6** | 14,8 | **9,1** | 3,6 | **1,5** | 1,3 | | | | **11,0** | 5,3 | **3,6** | 2,6 | **1,0** | 0,9 | **0,1** | 0,2 |
| 2009 | **18,5** | 14,7 | **9,1** | 6,2 | **2,5** | 2,3 | **0** | | | **10,9** | 6,8 | **4,3** | 3,5 | **0,5** | 0,5 | **0,1** | 0,2 |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Snitt | **21,4** | | **6,4** | | **1,9** | | **0,2** | | | **26,6** | | **4,5** | | **0,8** | | **0,1** | |

*Tabell 3.7. Gjennomsnittleg lengd (mm) for ulike aldersgrupper av laks og aure etter avslutta vekstsesong om hausten i Suldalslågen for perioden 1976-2009 og gjennomsnittleg tilvekst for 1+ i perioden 1978 til 2005. Data frå Saltveit 2004a, og årlege undersøkingar i perioden 2004 - 2009.*

| | **LAKS** | | | | | | **AURE** | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| År | 0+ | 1+ | 2+ | 3+ | Tilvekst som 1+ | | År | 0+ | 1+ | 2+ | 3+ | Tilvekst som 1+ |
| 1976 | 39,9 | | | | | | 1976 | 50,4 | | | | |
| 1977 | 43,9 | | | | | | 1977 | 51,2 | | | | |
| 1978 | 43,0 | 66,5 | 93,4 | 117,0 | 22,6 | | 1978 | 52,8 | 83,9 | 108,0 | | 32,7 |
| 1979 | 40,4 | 70,1 | 99,8 | 129,0 | 27,1 | | 1979 | 50,2 | 84,9 | 115,1 | | 32,1 |
| 1980 | 44,8 | 73,2 | 99,6 | 123,0 | 32,8 | | 1980 | 48,5 | 74,9 | 107,5 | | 24,7 |
| 1981 | 39,2 | 69,1 | 97,7 | 123,8 | 24,3 | | 1981 | 46,4 | 79,6 | 115,2 | | 31,1 |
| 1982 | 41,4 | 67,5 | 95,4 | 124,5 | 28,3 | | 1982 | 47,6 | 81,0 | 110,0 | 134,0 | 34,6 |
| 1983 | 35,8 | 61,9 | 93,4 | 116,2 | 20,5 | | 1983 | 45,6 | 75,3 | 107,6 | | 27,7 |
| 1984 | 45,3 | 68,8 | 98,3 | 119,9 | 33,0 | | 1984 | 48,5 | 77,4 | 108,1 | 140,0 | 31,8 |
| 1985 | | | | | | | 1985 | | | | | |
| 1986 | 38,3 | 66,6 | 96,7 | 123,2 | | | 1986 | 44,6 | 82,4 | 113,9 | 163,7 | |
| 1987 | 39,5 | 63,4 | 91,2 | 113,0 | 25,1 | | 1987 | 46,1 | 75,1 | 102,5 | | 30,5 |
| 1988 | 44,5 | 71,6 | 99,6 | 131,3 | 32,1 | | 1988 | 52,5 | 84,4 | 116,1 | 163,0 | 38,3 |
| 1989 | 39,3 | 68,1 | 105,2 | | 23,6 | | 1989 | 47,5 | 79,1 | 114,1 | | 26,6 |
| 1990 | 37,5 | 64,2 | 102,6 | 131,5 | 24,9 | | 1990 | 45,8 | 81,5 | 115,1 | | 34,0 |
| 1991 | 43,2 | 69,3 | 101,4 | 122,3 | 31,8 | | 1991 | 49,8 | 78,3 | 117,1 | | 32,5 |
| 1992 | 41,5 | 72,1 | 107,1 | | 28,9 | | 1992 | 48,7 | 82,1 | 113,1 | | 32,3 |
| 1993 | 37,7 | 62,8 | 94,9 | 122,3 | 21,3 | | 1993 | 45,2 | 78,0 | 119,3 | 154,3 | 29,3 |
| 1994 | 39,8 | 63,2 | 91,7 | 119,0 | 25,5 | | 1994 | 46,2 | 77,8 | 113,7 | 145,8 | 32,6 |
| 1995 | 47,2 | 76,7 | 101,9 | 126,1 | 36,9 | | 1995 | 53,8 | 82,1 | 119,4 | 146,8 | 35,9 |
| 1996 | 41,9 | 77,8 | 103,0 | 124,3 | 30,6 | | 1996 | 48,9 | 82,7 | 115,0 | 144,6 | 28,9 |
| 1997 | 45,6 | 72,2 | 104,5 | | 30,3 | | 1997 | 50,8 | 80,5 | 106,9 | 144,3 | 31,6 |
| 1998 | 45,0 | 77,5 | 98,2 | | 31,9 | | 1998 | 53,5 | 86,1 | 110,3 | 135,0 | 35,3 |
| 1999 | 45,5 | 73,3 | 111,2 | 136,0 | 28,3 | | 1999 | 52,0 | 86,6 | 117,0 | 145,0 | 33,1 |
| 2000 | 41,5 | 72,6 | 102,2 | | 27,1 | | 2000 | 50,4 | 84,6 | 117,6 | | 32,6 |
| 2001 | 47,6 | 77,2 | 97,9 | | 35,7 | | 2001 | 55,7 | 89,5 | 122,7 | 137,5 | 39,1 |
| 2002 | 49,8 | 81,3 | 106,2 | 120,8 | 33,7 | | 2002 | 57,2 | 93,3 | 124,7 | | 37,6 |
| 2003 | 48,5 | 83,9 | 110,2 | | 34,1 | | 2003 | 55,0 | 96,5 | 129,2 | | 39,3 |
| 2004 | 50,1 | 82,6 | 111,7 | 121,0 | 34,1 | | 2004 | 56,3 | 95,3 | 133,7 | 145,0 | 40,3 |
| 2005 | 43,2 | 77,1 | 112,8 | | 27,1 | | 2005 | 53,0 | 92,1 | 126,9 | | 35,8 |
| 2006 | 48,9 | 78,4 | 114,4 | 117,5 | 35,2 | | 2006 | 56,4 | 96,8 | 133,1 | 158,0 | 43,8 |
| 2007 | 42,3 | 77,1 | 108,5 | 87,0 | 28,2 | | 2007 | 54,4 | 90,8 | 123,5 | 137,0 | 34,4 |
| 2008 | 49,8 | 74,3 | 104,4 | | 32,0 | | 2008 | 55,8 | 94,3 | 122,3 | 136,5 | 39,9 |
| 2009 | 49,6 | 80,0 | 101,9 | 94,0 | 30,4 | | 2009 | 57,1 | 93,2 | 120,3 | 151,5 | 37,4 |
| | | | | | | | | | | | | |
| **Snitt** | **43,4** | **72,3** | **101,8** | **120,1** | **29,2** | | | **50,8** | **84,5** | **116,7** | **146,0** | **33,9** |

### 3.7. "Swim-up" -temperaturar

Gyteperioden for laks i Suldalslågen strekkjer seg over ein lang periode. Det er registrert gyting frå seint i oktober til februar, men utifrå data om stryking av stamlaks gyt laksen i Suldalslågen relativt seint og mest sannsynleg skjer det meste av gytinga i andre halvdel av desember. Det var høge "swim-up" temperaturar i 2001, 2003 og 2009 etter ein periode på 1990-talet med relativt låge temperaturar.




*Figur 3.15 "Swim-up" temperaturar for laks i Suldalslågen i perioden 1963-2009 for fire ulike gytetidspunkt og ved temperaturar målt øvst i elva ved Suldalsosen.*

# 4 FANGST AV LAKS OG SJØAURE

## 4.1. Fangst av laks og sjøaure

I 2009 vart det fanga 356 laks i Suldalslågen med ei snittvekt på 5,3 kg. Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1969-2009 var 441 laks med snittvekt på 5,1 kg. Laksefangstane var svært låge i fleire av åra på 1990-talet (**figur 4.1**). Dette skuldast både lågt antal utvandrande smolt og høg dødelegheit i sjøen (Sægrov 2009).

Av sjøaure vart det i 2009 fanga 128 med ei gjennomsnittsvekt på 0,9 kg, og dette er den lågaste fangsten som er registrert sidan 1983. Før 1984 vart fangsten av sjøaure truleg ikkje registrert i den offisielle statistikken, men i perioden 1984-2009 var gjennomsnittleg årsfangst 458 sjøaurar, med snittvekt på 1,1 kg. Utviklinga i sjøaurefangstane på 2000-talet har vore stort sett den same som i resten av fylket (**figur 4.1**)




*FIGUR 4.1. Fangst av laks og sjøaure i Suldalslågen i perioden 1969-2009 (søyler). Før 1993 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn søyle) og laks (>3 kg, blå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn søyle), mellomlaks (3-7 kg, raud søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). NB! Fangsttal frå før 1979 er frå Suldal elveeigarlag, frå 1979 er det offisiell fangststatistikk. Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland.*

*Tabell 4.1. Oversikt over skjelmateriale frå sportsfiske i Suldalslågen som er analysert i perioden 2005-2009. Prosentandelane kvart enkeltår viser kor mykje kvar kategori av laks utgjer av skjelmaterialet, medan prosentandel av totalen (*) viser til andel skjelprøvar av den totale offisielle fangsten.*

| | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 |
|---|---|---|---|---|---|
| | n (%) | n (%) | n (%) | n (%) | n (%) |
| Villaks | 110 (40%) | 191 (50%) | 122 (50%) | 116 (42%) | 63 (36%) |
| Utsett laks | 101 (36%) | 67 (17%) | 66 (27%) | 20 (7%) | 45 (26%) |
| Rømt oppdrett | 67 (24%) | 125 (33%) | 57 (23%) | 140 (51%) | 66 (38%) |
| Totalt* | 278 (47%) | 383 (32%) | 245 (56%) | 276 (55%) | 174 (49%) |

I den offisielle fangststatistikken er det ikkje skilt mellom villaks, rømt oppdrettslaks eller laks som er utsett som smolt. Dei fem siste åra (2005-2009) har det vorte vart det samla inn omfattande

skjelmateriale frå laksefisket i Suldalslågen, til saman har prøvar av mellom 32 og 56 % av samla registrert fangst vorte undersøkt (**tabell 4.1**, Urdal in prep.). Det høge antalet og andelen av skjelprøvar gjer at ein må kunne anta at prøvane er representative for den totale fangsten i elva.

Den relativt høge andelen prøvar gjer at ein kan sortere laksefangsten i villaks, utsett laks og rømt oppdrettslaks og vidare fordele fangstane på sjøaldergrupper av ulike smoltårsklassar. Med bakgrunn i ungfiskundersøkingar på det "nye" stasjonsnettet i januar 2004 - 2008 vart utvandringa av villsmolt berekna dei same åra (**tabell 5.4**). Basert på analysane av skjelprøvar frå perioden 2005 - 2009 er det berekna fangst og gjenfangst av dei ulike sjøaldergruppene i Suldalslågen fordelt på vill og utsett fisk, og tala er korrigert for innslag av rømt oppdrettslaks og at ein del 1-sv laks er større enn 3 kg og at nokre 2-sv laks er mindre enn 3 kg, osv.

Det vart berekna ei utvandring på 85 000 vill laksesmolt frå Suldalslågen i 2004 (**tabell 4.2**), men dette talet er truleg for høgt. I tillegg vart det slept 80 000 smolt av Suldalsstamme ut til kysten og sett fri der. Av den ville smolten frå 2004 er det blitt gjenfanga 414 laks i Suldalslågen (0,49 %). Det var størst gjenfangst av laks som hadde vore to vintrar i sjøen med 229 stk. Av kultivert smolt frå 2004 er det blitt gjenfanga 273 (0,34 %) i Suldalslågen, altså ikkje mykje lågare gjenfangst enn av villsmolt. Av den utsette smolten vart det gjenfanga flest av dei som hadde vore ein vinter i sjøen, noko færre av 2-sjøvinter laks og færrast av 3-sjøvinter laks (**tabell 4.2**).

***Tabell 4.2.*** *Fangst (antal) i Suldalslågen og berekna gjenfangst i åra 2005-2008 av Suldalslaks av smoltårsklassane frå 2004-2008, med utgangspunkt i berekna utvandring av villsmolt og antal utsett smolt. Den utsette smolten er større enn den ville, og den er blitt slept ut til kysten og sett fri der. (Korrigerte tal i høve til Sægrov og Urdal 2009).*

| Smolt-årsklasse | Kategori | Antal smolt | Gjenfangst av vaksen laks (%) | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 1 -sjøvinter | 2 -sjøvinter | ≥ 3 -sjøvinter | Samla |
| 2004 | Vill | 85 000 | 92 (0,11) | 229 (0,27) | 93 (0,11) | 414 (0,49) |
| | Utsett | 80 000 | 112 (0,14) | 93 (0,12) | 67 (0,08) | 273 (0,34) |
| 2005 | Vill | 45 000 | 245 (0,54) | 104 (0,23) | 112 (0,25) | 461 (1,02) |
| | Utsett | 80 000 | 50 (0,06) | 26 (0,03) | 25 (0,03) | 100 (0,13) |
| 2006 | Vill | 36 000 | 24 (0,07) | 63 (0,17) | 43 (0,12) | 130 (0,36) |
| | Utsett | 80 000 | 8 (0,01) | 24 (0,03) | 55 (0,07) | 87 (0,13) |
| 2007 | Vill | 56 000 | 43 (0,08) | 49 (0,09) | | |
| | Utsett | 80 000 | 2 (0,003) | 10 (0,01) | | |
| 2008 | Vill | 55 000 | 18 (0,03) | | | |
| | Utsett | 80 000 | 24 (0,03) | | | |

Av vill laksesmolt frå 2005 er det blitt gjenfanga 461 laks (1,02 %) i Suldalslågen (**tabell 4.2**). Det vart gjenfanga klart flest av dei som hadde vore ein vinter i sjøen, og om lag like mange som hadde vore ute 2 og 3 vintrar. Av utsett laksesmolt frå 2005 er det blitt gjenfanga 100 laks (0,13 %) i Suldalslågen. Den utsette smolten frå 2005 har altså overlevd langt dårlegare i sjøen enn den ville smolten, skilnaden i gjenfangst er nær 8 gonger, men det er mogeleg at det gjekk ut fleire villsmolt i 2005 enn det som er berekna.

Av smoltårsklassen frå 2006 er det berekna ein gjengfangst på høvesvis 0,36 % og 0,13 % av villsmolt og kultivert smolt, ein skilnad på nær tre gonger, og i begge tilfelle var gjenfangsten låg. Av den ville denne årsklassen vart det gjenfanga færrast som 1- sjøvinter laks, både av vill og kultivert laks. Av smoltårsklassen frå 2007 er gjenfangsten låg for villsmolt, og svært låg for kultivert smolt. Det ser også ut til at det har vore svært låg overleving for både villsmolt og kultivert smolt frå 2008 (**tabell 4.2**).

# 5 DISKUSJON

Tettleik av ungfisk blir undersøkt ved elektrofiske, men berekna tettleik er avhengig av vassføring, tid på året og stasjonsval. Ved elektrofiskeundersøkingar blir det normalt fiska over ein liten del, normalt mindre enn 1 % av det totale elvearealet. Det blir dessutan berre fiska på "fiskbare område" som i varierande grad er representative i høve til det totale arealet i elva der det oppheld seg til fisk. "Fiskbare område" er vanlegvis avgrensa til grunne område langs land med moderat straumhastigheit og substrat som i liten grad består av sand og grus. Fordelinga av desse kategoriane varierer mellom elvar, men i mange tilfelle vil elektrofisket vere meir representativt for heile elvearealet i små elvar enn i middels store og store elvar. Resultata vil også vere meir representative dess lågare vassføring under elektrofisket. Representativitet utgjer et usikkert element når ein oppskalerer tettleik på elektrofiskestasjonar til heile elvar. Problemet er det same dersom ein samanliknar tettleik av ungfisk mellom år innan elvar og mellom elvar i overvakingsseriar (Forseth og Forsgren 2009).

Rådgivende Biologer AS har sidan midt på 1990-talet prøvd å standardisere sine ungfiskundersøkingar til å fiske ved så låg vassføring som det er praktisk mogeleg, og ved relativt låg temperatur i perioden frå midt i oktober til mars. Dette er ei tid på året då fisken er inaktiv eller lite aktiv på dagtid, noko som gjer at spesielt eldre ungfisk ikkje så lett blir skremd bort frå elektrofiskeområdet som ved høgare temperatur om sommaren og tidleg haust. Med bakgrunn i desse resultata, er det funne ein negativ samanheng mellom tettleik av presmolt og vassføring i 14 elvar på Vestlandet, og denne samanhengen "presmoltmodellen" viste seg å gje gode prediksjonar på smoltproduksjon i Imsa, Orkla, Aurlandsvassdraget, Flåmselva og Stjørdalelva , der antalet smolt også er berekna ved bruk av andre metodar enn elektrofiske (Jonsson og Jonson 1998, Sægrov mfl. 2001, Sægrov og Hellen 2004, Hvidsten mfl. 2004, Arnekleiv mfl. 2007, Sægrov mfl. 2007). "Presmoltmodellen" er basert på elektrofiske på "elfiskbare" område på få stasjonar i kvar elv og representativiteten for desse samanlikna med heile elvearealet er usikker, og spesielt i middels store og større vassdrag som også er dårleg representert i utvalet av elvar. Dersom ein tek utgangspunkt i dei norske elvane (utanom Alta) der det er gjort undersøkingar av tettleik av smolt basert på merke- gjenfangst eller total fangst i felle, er det ein samanheng mellom tettleik av smolt og vassøring som liknar mykje på kurva i "presmoltmodellen". Berekna tettleik av smolt basert på "presmoltmodellen" var også godt korrelert til fanga av vaksen laks pr. areal i elvar på Vestlandet (Sægrov 2009). Det er altså fleire indikasjonar på at kurva i "presmoltmodellen" har eit reelt forløp, men det kan godt vere at kurva må korrigerast opp eller ned. Så langt er "presmolmodellen" den einaste modellen som gjev ei forventing til "normalt" nivå for smoltproduksjon i norske vassdrag. Modellen er ei hypotese som i praksis er vanskeleg å avkrefte, og fyller dermed ikkje krava til vitskapleg tilnærming. Den kan likevel vere eit praktisk hjelpemiddel til å vurdere nivået for tettleik av eldre ungfisk i elvar på Vestlandet. Grunnlagsmaterialet for modellen er innsamla på same måte i dei ulike elvane, og mange av stasjonane har liknande karakteristika frå elv til elv. Skilnader i tettleik av presmolt mellom elvar og mellom år innan elvar reflekterer dermed sannsynlegvis reelle skilnader i tettleik, sjølv om nivået kan vere over- eller underestimert.

Frå Suldalslågen eksisterer det ein lang serie med ungfiskundersøkingar på fast stasjonsnett frå perioden 1978 til 2007, der det er blitt elektrofiska ved høg vassføring (> 60 m³/s) og relativt høg temperatur i september. Denne serien viste at det var like høg eller høgare tettleik av årsyngel av aure enn av laks, noko som er lite sannsynleg med bakgrunn i mengda av vaksen laks og sjøaure i vassdraget. Det har dessutan blitt fanga langt meir laksesmolt enn auresmolt i utvandringsfella. Det var alle år låg tettleik av 1+ og svært låg tettleik av 2+ laks, medan smoltutvandringa har vore dominert av 3-års smolt. Smoltestimat basert på merking av presmolt og gjenfangst av laksesmolt i smoltfelle har vist langt høgare tettleik av 3-års smolt, enn tettleiken av 2+ laks ved elektrofiske. Det same er tilfelle dersom ein tek utgangspunkt i antal oppvandrande vaksne laks i Suldalslågen og jamfører med

sjøoverleving i andre elvar, t.d. Imsa og Drammenselva (Hansen mfl. 2008).

For å teste ut effektane av vassføring, vasstemperatur, tid på året og stasjonsval på tettleiksestimat ved elektrofiske, er det gjennomført ungfiskundersøkingar i Suldalslågen i perioden frå september 2003 til januar 2009 med følgjande målsetting:

- Samanlikne resultat frå elektrofiske ved relativt høg vassføring og relativt høg temperatur om hausten (september/oktober) på "gammalt" stasjonsnett med resultat frå elektrofiske i januar/februar ved låg vintervassføring og relativt låg temperatur. Ved desse tidspunkta vart det altså fiska på dei same årsklassane av fisk. Det totale elvearealet var 1,4 gonger større i september enn i januar og dette er det korrigert for ved samanlikning av tettleik.

- Undersøke kva effekt stasjonsnettet har på resultata ved å samanlikne resultat frå elektrofiske på "gammalt" og "nytt" stasjonsnett ved låg vassføring i januar.

- Anslå antal utvandrande smolt om våren fordelt på laks og aure, og berekne aldersfordeling, gjennomsnittleg smoltalder og smoltlengde i presmoltmaterialet. Resultata frå elektrofiske på dei "nye" stasjonane i januar blir samanlikna med resultat frå undersøkingane av smolten som vart fanga i smoltfella om våren (Gravem og Gregersen 2009).

Det ville vore ideelt dersom den tettleiken av ungfisk som ein bereknar etter elektrofiske var representativ for heile elvearealet, for då kunne ein rekne ut kor mange fisk det fanst totalt i elva av kvar aldersgruppe av laks og aure, og dermed også berekne dødelegheit frå år til år for kvar aldersgruppe. Elektrofiske fyller diverre ikkje alle vilkåra til å vere ein slik ideell metode. Elektrofiske kan ikkje gjennomførast med påliteleg resultat der straumen er stri eller der det er djupare enn ca. 1 m. På område der det er fint substrat utan gøymestader for fisk, vil fisken normalt blir skremd og trekkje seg vekk frå den som fiskar. Under slike tilhøve veit ein ikkje om det var eller ikkje var fisk på området før fisket starta.

Når ein vel ut elektrofiskestasjonar blir det normalt lagt vekt på at det er mogeleg å gjennomføre fisket med påliteleg resultat, dvs. moderat til svak straum, ikkje djupare enn ca. ein meter og substrat der fisk i dei aktuelle storleiksgruppene kan gøyme seg. Slike tilhøve blir best oppfylt ved minst mogeleg vassføring på område med stein, mose og/eller blokker. I Suldalslågen er det lågast vassføring om vinteren, og i denne perioden er fisken inaktiv på dagtid og blir ikkje skremd vekk i same grad som når temperaturen er høgare og fisken er aktiv på dagtid. Spesielt større ungfisk er meir fangbar ved låg enn ved høg temperaturar. I store elvar vil det vere stri straum i delar av elva sjølv ved relativt låg vassføring, men di lenger ut mot midtpartiet ein kan elektrofiske di meir representative blir resultata. Forma på stasjonen har også betydning. Ein stasjon med areal på 100 m² som er 1 meter brei og 100 meter lang har 102 meter med sider der fisk kan vandre inn og ut. Ein stasjon med det same arealet som er 20 meter lang og 5 meter brei har berre 30 meter med sider der fisken kan vandre ut eller inn.

Eit anna problem ved elektrofiske er at dei ulike storleiksgruppene av laks- og aureungar kan halde seg på ulike stader i elva til ulike tider på døgnet og til ulike tider på året, og denne fordelinga er påverka av straum, djup og substratfordeling som varierer med vassføringa. Årsyngel av laks og aure held seg nærmare breidden der det er grunnare og svakare straum enn lenger ute i elva, medan større fiskeungar kan vere fordelt på heile elvetverrsnittet. Ein tilleggsfaktor er at fiskeungane sannsynlegvis finst i høgast tettleik nær gyteområda det første året, men spreier seg frå gyteområda med aukande alder og storleik på grunn av konkurranse. Desse faktorane gjer det svært vanskeleg å berekne totalbestand av dei minste fiskane fordi ein ikkje veit kor stor del av elvearealet dei er fordelt på.

## 5.1. Stasjonsval og tidspunkt ved elektrofiske

Etter å ha korrigert for skilnader i totalt elveareal, var gjennomsnittleg tettleik av 0+ laks langt lågare på stasjon 1-16 i januar/mars 2010 samanlikna med i oktober 2009, medan det ar liten skilnad på tettleik av 1+ og 2+. Om hausten var det mindre mellomårsvariasjon i tettleik av 1+ og 2+ laks samanlikna med vintersituasjonen, men om hausten vart det fanga få 2+ totalt (**tabell 4.1**). Sjølv om stasjonane låg på dei same lokalitetane var både substrat, straumhastigheit og djupne annleis i januar/februar samanlikna med i september fordi dei var flytta lenger utover i elveprofilen på grunn av lågare vassføring om vinteren.

På det nye stasjonsnettet (101-110) var det om lag same tettleik av 0+ laks om vinteren som på stasjon 1-16 om hausten dei fem første åra, men i dei to siste åra var det lågare tettleik om vinteren enn om hausten. Dette kan skuldast dødelegheit i den mellomliggjande perioden, men ei alternativ forklaring er at årsyngelen har spreidd seg utover hausten (**tabell 5.1, figur 5.1**). Av 1+ laks var det i gjennomsnitt 2 gonger høgare tettleik på stasjon 101-110 om vinteren samanlikna med stasjon 1-16 om hausten. Av 2+ laks var det i gjennomsnitt 3,4 gonger høgare tettleik om vinteren enn om hausten. Det var ikkje signifikant samvariasjon i desse datasetta.

*Tabell 5.1. Tettleik av 0+, 1+ og 2+ laks i Suldalslågen ved elektrofiske på stasjon 1-16 ved høg vassføring (60-70 m³/s) i september/oktober, og på dei same stasjonane ved låg vassføring (12-16 m³/s) i januar/februar/mars, og ved låg vassføring på nytt stasjonsnett (101 – 110) i januar/februar. Undersøkingane vart gjennomført i perioden frå september 2003 til januar/mars 2010. Det vart ikkje fiska på stasjon 1-16 i januar 2004. Tettleik i september er korrigert til arealet ved låg vassføring (1,1 mill m²) med ein faktor på 1,4 på grunn av større areal (1,57 mill m²) ved den aktuelle vassføringa i september (Magnell mfl. 2003).*

| Sesong | 0+ | | | 1+ | | | 2+ | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Sept/okt | Januar/februar | | Sept/okt | Januar/februar | | Sept/okt | Januar/februar | |
| | 1-16 | 1-16 | 101-110 | 1-16 | 1-16 | 101-110 | 1-16 | 1-16 | 101-110 |
| 2003/04 | 40,6 | | 29,7 | 7,6 | | 25,7 | 1,5 | | 7,8 |
| 2004/05 | 18,1 | 7,6 | 17,3 | 6,7 | 7,7 | 15,0 | 1,1 | 1,5 | 4,8 |
| 2005/06 | 13,2 | 7,0 | 13,2 | 7,6 | 9,1 | 22,1 | 1,4 | 4,2 | 5,6 |
| 2006/07 | 23,0 | 17,2 | 28,0 | 5,7 | 8,3 | 14,7 | 1,7 | 3,6 | 6,2 |
| 2007/08 | 51,4 | 20,6 | 25,5 | 18,3 | 18,0 | 36,8 | 2,1 | 3,7 | 7,1 |
| 2008/09 | 31,6 | 7,0 | 9,3 | 12,7 | 7,7 | 11,1 | 2,1 | 3,3 | 6,0 |
| 2009/10 | 25,9 | 9,0 | 11,8 | 12,7 | 10,8 | 16,1 | 3,5 | 4,2 | 8,1 |
| **Snitt** | **29,1** | **11,4** | **19,3** | **10,2** | **10,3** | **20,2** | **1,9** | **3,4** | **6,5** |

Av aure var det lågare tettleik av både 0+ og 1+ om vinteren enn om hausten, men relativt liten skilnad i tettleik av 2+ (**tabell 5.2**). Desse skilnadene har same tendens frå år til år, men det er ikkje signifikante korrelasjonar mellom tettleiken om vinteren og hausten. Av 0+ aure var det i gjennomsnitt 3,1 gonger høgare tettleik på stasjon 1-16 om hausten samanlikna med stasjon 101-110 om vinteren. For 1+ og 2+ var det mindre skilnad mellom haust og vinter.

